

Tysvær kommune

Strandsonekartlegging:

- Arealstatus
- Funksjonell strandsone

| | |
|--|--|
| Tittel: Tysvær kommune. Strandsonekartlegging, funksjonell strandsone | |
| Prosjektnummer 1929 | Rapportdato 09.09.2013 |
| Oppdragsgjevar Tysvær kommune | Kontaktperson konsulent Turid Verdal Synfaring konsulent Svein Andersland, Karoline Eldøy og Turid Verdal Sidemannskontroll Karoline Eldøy |
| I samband med revisjon av gjeldande kommuneplan 2012-2024 for Tysvær kommune er det gjennomført ulike kartleggingar knytt til strandsona: | |
| <ol style="list-style-type: none"> 1. Arealstatus i 100-metersbeltet er gjennomført for heile kommunen. Metode for kartlegging av arealstatus i 100-metersbeltet er utvikla i samband med <i>Strandsoneplan - forstudie</i> i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland (2010). 2. Kartlegging av funksjonell strandsone Strandsoneverdiane i om lag 85% av strandsona på fastlandsTysvær er kartlagt. Delstrekka er valt ut på bakgrunn av aktivitet og press på strandsona. Arbeidet har omfatta tilrettelegging av eksisterande informasjon, analysar og synfaring. Metode for vurdering av funksjonell strandsone er utvikla i samband med <i>Strandsoneplan - forstudie</i> i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland (2010). | |
| Alle temakart og kart som syner fastsett funksjonell strandsone er vedlegg til rapporten. | |
| Emneord: Arealstatus i 100-metersbeltet. Kartlegging av funksjonell strandsone | Fylke: Rogaland Kommune: Tysvær kommune |
| Akvator AS Borggata 8 P.O.Box 743 N- 5404 Stord Norway | Tel.: +47 53 40 41 80 Fax: +47 53 40 41 85 firmapost@akvator.no www.akvator.no |



Innheld

| | | |
|----------|--|-----------|
| 1 | INNLEIING | 3 |
| 2 | BAKGRUNN | 3 |
| 3 | PLAN- OG BYGNINGSLOVA – STATLEGE PLANRETNINGSLINER | 4 |
| 3.1 | DIFFERENSERT STRANDSONE..... | 5 |
| 4 | AREALSTATUS I 100-METERSBELTET | 6 |
| 4.1 | DEFINISJONAR | 6 |
| 4.2 | METODE | 6 |
| 4.3 | FEILKJELDER OG USIKKERHET..... | 8 |
| 4.4 | NYTTE AV KARTLEGGINGA | 8 |
| 4.6 | RESULTAT..... | 9 |
| 5 | FUNKSJONELL STRANDSONE..... | 13 |
| 5.1 | METODE | 13 |
| 5.2 | NYTTE AV KARTLEGGINGA | 16 |
| 6 | RESULTAT FUNKSJONELL STRANDSONE | 18 |
| 6.1 | OMRÅDE 1. FØRRESFJORDEN: FØRRE, SKRE - UDNRARVIKA | 19 |
| 6.2 | OMRÅDE 2. FØRRESFJORDEN: STAUAVIKA-BREIVIK | 21 |
| 6.3 | OMRÅDE 3. FØRRESFJORDEN- FØRLANDSFJORDEN: SØRE DYRNESVÅGEN – GISMARVIK - FØRLANDSFJORDEN VESTSIDA OG AUST TIL SJØBROTTET | 24 |
| 6.4 | OMRÅDE 4. FØRLANDSFJORDEN: SJØBROTTET - KÅRSTØ | 29 |
| 6.5 | OMRÅDE 5. HERVIKFJORDEN: KÅRSTØ – LINDHOLA | 32 |
| 6.6 | OMRÅDE 6. HERVIKFJORDEN: HERVIK - SKJOLDASTRAUMEN - VALSODDEN | 34 |
| 6.7 | OMRÅDE 7. GRINDAFJORDEN: VÅGSBOTN – SØVIKA – NESHEIM - VALSODDEN | 39 |
| 6.8 | OMRÅDE 8. HERVIKFJORDEN OG NEDSTRANDSFJORDEN: HERVIKFJORDEN AUST STONG- TVEITNESET | 43 |
| 6.9 | OMRÅDE 9. NEDSTRANDSFJORDEN: TVEITNESET - HINDERÅVÅGEN - NEDSTRAND | 50 |
| 6.10 | OMRÅDE 10. NEDSTRANDSFJORDEN OG VINDAFJORDEN: NEDSTRAND - AMDALSVIKA | 53 |
| 6.11 | OMRÅDE 11. YRKESFJORDEN: VASSENDVIK..... | 55 |
| 6.12 | OMRÅDE 12. YRKESFJORDEN: STØLSVIK - RAMSVIK - VÅGEN - SLOGVIK | 57 |

1 Innleiing

I samband med revisjon av gjeldande kommuneplan 2012-2024 for Tysvær kommune er det gjennomført ulike kartleggingar knytt til strandsona:

3. Arealstatus i 100-metersbeltet er gjennomført for heile kommunen.

Metode for kartlegging av arealstatus i 100-metersbeltet er utvikla i samband med *Strandsoneplan - forstudie* i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland (2010).

4. Kartlegging av funksjonell strandsone

Strandsoneverdiane langs delstrekks av strandsona i Tysvær kommune er kartlagt.

Delstrekka er valt ut på bakgrunn av aktivitet og press på strandsona. Arbeidet har omfatta tilrettelegging av eksisterande informasjon, analysar og synfaring.

Metode for vurdering av funksjonell strandsone er utvikla i samband med *Strandsoneplan - forstudie* i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland (2010).

Arbeidet er gjennomført av Akvator AS i samråd med Tysvær kommune.

Alle temakart og kart som syner fastsett funksjonell strandsone er vedlegg til rapporten.

2 Bakgrunn

I Tysvær kommune er strandsona ein viktig ressurs som grunnlag for busetnad, næring og friluftsliv. Utfordringar knytt til planlegging og forvaltning av strandsona ligg ofte i å balansere mellom bruk og vern av areala. Gjennom å kartlegge eksisterande inngrep i strandsona og definere funksjonell strandsone kan ein lettare skilje mellom område som bør sikrast vern og tilpassa bruk, og område som kan leggjast til rette for utbygging til bustad-, fritids- eller næringsføremål mm.

Kyst- og øykommunar med mykje strandsone har tradisjonelt ei befolkning som set stor pris på tilgjenge til sjøen. Tilgjenge til sjø gjennom båtplassar, naust og tilrettelegging av bustad- og næringsområde er såleis viktige trekplaster for å oppretthalde folketetal og aktivitet i kommunane. Tysvær kommune har ei lang og variert strandsone med kvalitetar som er viktig å oppretthalde. Samstundes finst det eksisterande busetnad og tiltak som ligg tett på kystlinja der det er potensiale for fortetting og utvikling. Folketalet i kommunen var per 01.01.2013 på 10 487. Innbyggjartalet i kommunen hadde ein auke på 1,6 % frå 2012-2013. Auke i folketal gir auka aktivitet og utvikling, med påfølgjande press på attraktive byggeområde. I eit slikt bilete vert forvaltning av strandsona som eit av dei mest attraktive områda for busetnad, opphold og rekreasjon viktig.

3 Plan- og bygningslova - statlege planretningsliner

Plan- og bygningslova legg føringar for heilsakleg arealforvaltning for statleg, fylkeskommunal og kommunal verksamhet, der bruk av areal og andre naturressursar vert vurdert saman.

Lova legg til rette for samordning, og gjev grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Lova skal fremja berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

100-metersbeltet

Strandsona skal bevarast som verdifullt natur- og friluftsområde, og sikrast god tilgjenge for allmenta. Sidan 1950-talet har Noreg hatt eigne reglar for bruk og vern av strandsona.

Ny Plan- og bygningslov gjeldande frå 1.juli 2009 skjerpar byggjeforbodet i strandsona. PBL stadfester at utbygging i strandsona skal som hovudregel vere i samsvar med overordna plan og ta omsyn til landskap, natur og friluftsliv.

I lovforeseigna (PBL §1-8) går det fram at byggjeforbodet i 100-metersbeltet gjeld "så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan". Forboden gjeld også innanfor regulerte byggeområde og byggeområde avsett i kommuneplan, dersom det ikkje er fastsett byggegrense mot sjø. Utbygging i strandsona skal såleis som hovudregel vere i samsvar med overordna plan og ta omsyn til landskap, natur og friluftsliv.

Som ein konsekvens av lovverket vil alle tiltak innanfor byggeområde i 100-metersbeltet måtte handsamast som dispensasjonar dersom det ikkje vert sett byggegrense i ny arealplan. Dette vil også gjelde for byggeområde som er detaljregulert. Føreseigna gjer det klart at det i kommuneplanen sin arealdel må vera fastsett ei byggegrense i områder der det skal tillatast utbygging dersom byggjeforboden i § 1-8 skal opphevest. Etter at overgangsperioden på fire år frå 1. juli 2009 er utgått, gjeld forboden også driftsbygningar i primærnæringa.

Plan- og bygningslova frå 2008 gir både avgrensingar og moglegheiter. I områder der kommunen meiner det er hensiktsmessig å vurdere ei anna byggegrense enn 100-metersbeltet, er det mogleg å fastsette denne i overordna plan, eller som del av ein reguleringsplan.

Plan- og bygningslova (2008)

§ 1-8. Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag

I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringer kan ikke settes i verk nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horizontalplanet ved alminnelig høyvann. Dette er likevel ikke til hinder for fradeling ved innløsning av bebygd festetomt etter tomtefestelova.

Forbuden etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2.

Forbuden etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4.

For områder langs vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftsinteresser skal kommunen i kommuneplanens arealdel etter § 11-11 nr. 5 fastsette grense på inntil 100 meter der bestemte angitte tiltak mv. ikke skal være tillatt.

3.1 Differensiert strandsone

Tysvær kommune er klassifisert i kategori «*Andre områder der presset på arealene er stort*» i Statlege Planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (25.03.2011). I desse områda gjeld byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen generelt, jf. PBL § 1-8. Som hovedregel skal byggeforbodet praktiserast strengt og dispensasjon unngåast i sentrale område der presset på areala er stort.

I retningslinja er det presistert at det er viktig at kommunane i samband med kommuneplanarbeidet gjer ei vurdering av omsynet bak byggeforbodet i strandsona. I arbeidet bør det vektleggast om omsynet til tilgjenge til strandsona for allmenta kan takast i vare ved at det t.d. vert avsett areal til kystst, friområde eller liknande. For ny vesentleg utbygging av bustad- eller fritidsbusetnad bør det setjast krav til utarbeiding av reguleringsplan, og i reguleringsplanen skal byggegrense mot sjø setjast. I område i kommunen som er under sterkt press kan styring av utbygging skje gjennom føresegner til kommuneplanen sin arealdel.

Retningslinje i Statlege Planretningslinjer: «*andre område der presset på arealene er stort*»

I 100-metersbeltet langs sjøen skal følgende retningslinjer legges til grunn:

Bygging og landskapsinngrep skal unngås på arealer som har betydning for andre formål, som for eksempel friluftsliv, naturvern, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljø, landskap, landbruk, fiskerinæring, havbruk eller annen samfunnsmessig betydning. Ved utarbeiding av reguleringsplaner som innebærer bygging i strandsonen på arealer som er delvis utbygd, skal ferdselshensyn og landskapstilpasning spesielt vektlegges.

Nye bygninger bør trekkes så langt unna sjøen som mulig. Utvidelse av eksisterende bygninger bør dersom dette er mulig skje i retning bort fra sjøen. Byggets funksjon vil ha betydning for plasseringen. Utbygging av veger og annen infrastruktur skal skje slik at inngrep og ulemper blir minst mulig. Tomteopparbeiding bør skje slik at inngrep og ulemper i forhold til tilgjengelighet i strandsonen blir minst mulig. Samlet sett skal det legges vekt på løsninger som kan bedre eksisterende situasjon i forhold til landskap og allmenn tilgang til sjøen.

Alternative plasseringsmuligheter skal vurderes før bygging tillates.

I kommuneplanarbeidet skal kommunene vurdere om tiltak som tidligere er godkjent i kommuneplan eller reguleringsplan, er i samsvar med disse retningslinjene. Eldre planer som gir mulighet for utbygging i strid med retningslinjene, bør revideres eller oppheves. Et slikt arbeid bør særlig prioriteres i områder med stort press. Vurdering og eventuell oppheving eller revidering av eldre planer vil inngå i den ordinære rulleringen av kommuneplanens arealdel.

Det bør i utgangspunktet være en restriktiv holdning til nye fritidsboliger og vesentlig utvidelse av eksisterende fritidsboliger i områder av kommunen med press. Kommunene bør i kommuneplanen etter en konkret vurdering innføre bestemmelser for størrelse og standard av eksisterende fritidsboliger i strandsonen.

Eventuell fortetting i eksisterende områder forutsettes å være godkjent i oppdatert kommuneplan og reguleringsplan, og skal ikke være i strid med disse retningslinjene.

Muligheten for fritidsfiske gjennom å tillate oppføring av naust og brygge skal også tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. Disse hensynene må veies opp mot hensynet til de allmenne interesser som er angitt foran, og mulighetene for felles brygger og naust bør også vurderes.

Retningslinjene gjelder også for by- og tettstedsområder. I disse områdene skal behovet for fortetting og utvikling tillegges vekt. Utbygging bør koncentreres til etablerte utbyggingsområder. Arealer til bolig-, sentrums- og næringsutvikling bør prioritieres foran arealer til fritidsboliger.

4 Arealstatus i 100-metersbeltet

Føremålet med kartlegging av arealstatus i 100-metersbeltet er å gi kommunane, både administrasjon og politikarar, eit betre grunnlag for vedtak i strandsonesaker. Målsetnaden er å få eit oversyn over arealtilstand, grad av inngrep og tilgjengeleg strandsone. Det er naturleg at ein i overordna kommuneplanlegging vurderer strandsona både i eit friluftsperspektiv og eit utbyggingsperspektiv - bruk og vern.

Arealstatuskartlegginga gir eit oversyn over nedbygd og tilgjengeleg strandsone. Tilgjengeleg strandsone for allmenta kan definerast som område med fri ferdsel etter friluftslova, samt tilgjenge i høve til terrengr/brattleik. I følgje friluftslova er det fri ferdsel i utmark, med eit par unntak. Det vesentlege er nærliek til hus/hytte.

4.1 Definisjonar

Inngrep i strandsona

Inngrep i strandsona omfattar fysiske inngrep. Fysiske inngrep er m.a. veg, bygg og leidningsnett. Samstundes er kulturminne definert som eit fysisk inngrep i denne analysen, i den grad eit kulturminne privatiserer og bandlegg areal i strandsona.

Tilgjengeleg strandsone

Tilgjengeleg strandsone er definert som strandsone tilgjengeleg i eit friluftslivperspektiv.

Analysen er basert på topografi og arealbruk som stenger for allmenn ferdsel. Fysiske inngrep treng ikkje vera til hinder for ferdsel i strandsona, men kan i staden gjera strandsona tilgjengeleg for friluftsliv. I denne analysen vert område med slike fysiske inngrep definert som tilgjengeleg strandsone. I eit friluftslivsperspektiv er topografi avgjerande for tilgjenge. Områder med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengeleg.

4.2 Metode

Geografisk avgrensing

Analysane er gjennomført i heile 100-metersbeltet mot sjø. Det er ikkje gjort avgrensingar i høve til fastland eller øyar, det vil seie at heile strandsona er kartlagt.

Det er utarbeidd temakart som syner kor stor del av strandsona som faktisk er nedbygd (inngrep) og strandsone definert som tilgjengeleg for friluftsliv (tilgjengeleg). Temakarta vil samstundes identifisere område med potensiale for fortetting og for vern. Karta er presentert på oversiktskart i målestokk 1: 105.000 (A3), sjå vedlegg.

Digitale data og kriterium

Analysane er bygd på eksisterande digitale data:

- Felles kartdatabase (FKB)
- Digital markslagskart (Ar5)
- Databasen Askeladden (Rogaland fylkeskommune, Riksantikvaren)

Temakarta sin bakgrunnsinformasjon er henta frå:

- Naturbasen (Direktoratet for Naturforvaltning)
- Temakart Rogaland (Fylkesmannen i Rogaland/Rogaland fylkeskommune)
- Kommuneplan for Tysvær (2012-2024)
- Akvakulturkonsesjonar (Fiskeridirektoratet)

Tabell 1. Kriterium som analysane er basert på.

Analysane er delt opp i to typar tema; inngrepsfri strandsone og tilgjengeleg strandsone. Oppgitt buffer i tabell er gitt ut frå at det arealet vert definert som inngrep eller utilgjengeleg.

| Tema | Storleik på buffersona kring ulike deltema som vil verta definert som inngrep eller utilgjengeleg strandsone | | |
|-----------------------|--|--------------------------------------|-------------------------|
| | Tema: Inngrep i standsona | Tema: Utilgjengeleg strandsone | |
| Bygningar | Andre bygg: heilårsbustader, industri, lager mm | 50 | 50 |
| | Fritidsbygg: fritidsbustader, rorbu | 25 | 25 |
| | Uthus: naust, garasje, uthus | 0 | 0 |
| Veg | Europaveg, riksveg og fylkesveg | 25 | 25 |
| | Kommunalveg og privatveg | 10 | 10 |
| Anna infrastruktur | Arealbruk (t.d. kaier, brygge, silo) | 0 | 0 (utval ¹) |
| | Anleggsområde (t.d. grustak, idrettsplass, næringsareal) | 5 | 5 (utval ¹) |
| | Kraftline/høgspent inkl. installasjoner | 5 | Ikkje relevant |
| Markslag | Innmark (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) | 0 | 0 |
| Kulturminne | Automatisk freda kulturminne | 5 | Ikkje relevant |
| Topografi | Bratte parti over 25 graders helling | Ikkje relevant | 0 |

Analyse av topografi er viktig med omsyn til tilgjenge i strandsona. Utilgjengeleg område er definert som område brattare enn 25 graders helling. Det er ikkje differensiert mellom tilgjenge frå sjø eller frå land i denne kartlegginga.

Teknisk oppbygging av analysane

Datagrunnlag for bygg, veg, anna infrastruktur og markslag er motteke frå Tysvær kommune (Norge Digitalt). Datagrunnlaget er henta frå kommunen, mai 2013.

Alle analysane er gjennomført ved bruk av ArcView 10.2.

¹ Ein del fysiske inngrep er ikkje til hinder for ferdsel i strandsona, og vert dermed inkludert i omgrepet tilgjengeleg strandsone. Desse inngrepa er difor utelate frå analysen tilgjenge. Døme på tilgjengelege inngrep er m.a. idrettsplass, kai, flytebrygge, molo, trapp.

4.3 Feilkjelder og usikkerheit

Analysane er utarbeidd basert på eksisterande digitale data. Feil og generaliseringar i datagrunnlaget, samt i analysane, kan ha påverka kvaliteten på resultata. Analysane er gjennomført på eit overordna nivå og vil spegla realiteten på ein grov måte. Dette er likevel vurdert som tilstrekkeleg for å få eit oversyn over arealbruken på kommunalt nivå.

Bygningsanlegg som delvis er i sjø og på land er ein del av datagrunnlaget i analysen. Ved framstilling av arealflata til 100-metersbeltet er *kystkontur* og *kystkonturTekniskeAnlegg* nytta. Ut frå denne arealflata vert resterande analysar utført. Dette medfører at ein del bygningsanlegg som molo, kai og flytebrygge vert omfamna av flata for 100-metersbeltet der strukturen er ein del av *kystkonturTekniskeAnlegg*, medan resterande ikkje vert teke med.

Dei ulike buffersonene er ikkje differensiert i høve til tett- og spreidd busette område. Dette kan i spreidd busette område gje eit inntrykk av ei utbygd strandsone og i plansamanheng føra til fortetting/ytterlegare utbygging. Det må takast omsyn til dette ved direkte bruk av temakarta i bygge- og plansamanheng.

Ved å sette utilgjengeleg strandsone som terreng brattare enn 25 graders helling, har ein definert område som normalt vil vera vanskeleg tilgjengeleg for folk flest. Vegetasjonsdekket kan til ein viss grad påverke om området er tilgjengeleg uavhengig av hellingsgrad. Det same vil strandmateriale, stengsler og grad av opparbeiding. I denne analysen er strandmateriale, stengsler, grad av opparbeiding og vegetasjonsdekket ikkje teke omsyn til. Klassifiseringa av utilgjengeleg strandsone på 25 graders helling kan vera med på å vege opp for at desse faktorane ikkje er teke med.

Det er ikkje differensiert mellom tilgjenge frå sjø og tilgjenge frå land i analysane. Dei fleste områda er tilgjengeleg frå land, men ulik vegetasjon og botndekke gir ulik grad av tilgjenge.

Nøyaktigkeit av resultata er avhengig av datasetta som vert nytta og deira kvalitet og i kva grad dei er oppdaterte.

4.4 Nytte av kartlegginga

Gjennom arealstatuskartlegginga med ulike temakart får kommunen eit verktøy for vurdering av:

- vern
- tilpassa bruk
- rullering av kommuneplan/kommunedelplan
- nye byggeområde/reguleringsplanar (KU)
- fastsetjing av byggegrense mot sjø (funksjonell strandsone)

Kartlegginga syner status av strandsona slik den er i dag. Jamleg oppdatering av dette datamateriale kan nyttast til å følgje endring av arealbruk i strandsona over tid og såleis nyttast i eit historisk perspektiv.

4.6 Resultat


I offisiell statistikk har Tysvær kommune 220 km strandlinje. Dette talet inkluderer fastland og dei størreøyane i kommunen. Strandsona (100-metersbeltet) har eit areal på ca. 31 km².

Analysen er i hovudsak basert på kartlegging av fysiske inngrep/inngrepsfri strandsone og tilgjengeleg strandsone i eit friluftsperspektiv.

4.6.1 Fysiske inngrep i strandsona

Som første del av kartlegginga har ein sett på graden av fysiske inngrep i strandsona.

Med bakgrunn i kriteria nemnt i kap. 4.2 er 70,7 % av strandsona utan tekniske inngrep, dvs. inngrepsfri.



Figur 1. Utsnitt frå temakart inngrepsfri strandsone i Tysvær kommune. Utsnittet er frå Nedstrand. Temakart for heile kommunen ligg som vedlegg. Grøn farge syner inngrepsfri strandsone og raud farge område med fysiske inngrep.


Ved å bryte opp analysegrunnlaget for dei ulike grunnkriteria finn ein prosentdelen dei ulike tema utgjer kvar for seg i strandsona, sjå tabell 2.

Tabell 2. Prosentdel påverka strandsone. Prosentdelen tek ikkje omsyn til at dei ulike tema overlappar slik at tala syner dei resultata ein får ved å sjå utelukkande på kvar enkelt tema.

| Tema | Bygg | Veg | Arealbruk | Anleggs-område | El-nett | Innmark | Freda kulturminne |
|------------|--------|-------|-----------|----------------|---------|---------|-------------------|
| Prosentdel | 12,2 % | 9,1 % | 0,3 % | 0,9 % | 0,6 % | 12,8 % | 0,1 % |

Ved å kombinere tema bygg, veg, areal, anlegg, el-nett, innmark og freda kulturmìnne i strandsona, dvs. overlappende verdiar og verdiar som står åleine, er totalt 29,3 % av strandsona påverka av menneskeleg aktivitet.

Arealbruk definert i kommuneplanen sin arealdelen er også eit viktig perspektiv. Ved å kople analyseresultata med framtidige byggeområde i arealdelen, ser ein at dei fleste avsette område i stor grad er lokalisert i nærleiken av eksisterande infrastruktur. Frå dette temalaget kan ein også henta informasjon om arealbruk i sjø, og slik ha eit grunnlag for å vurdere arealbruk i sjø og på land samla.



Figur 2. Utsnitt fra temakart med inngrepsfristrandzone og utdrag fra temakart fra TemakartRogaland.no og miljøstatus.no; Statleg sikra friluftsområde og FINK. Utsnittet er fra Nedstrand.


4.6.2 Tilgjengeleg strandsone

Som del to av kartlegginga har ein sett på graden av tilgjengeleg strandsone. Tilgjengeleg strandsone er definert som areal tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, det vil sei at områda ikkje skal vera påverka av privatiserande tiltak eller for bratte for normal opphold og ferdsel.

Med bakgrunn i kriteria nemnt i kap. 4.2 er om lag 48 % av strandsona utan tekniske inngrep og med tilgjengeleg topografi, sjå figur 3 og tabell 3.

Tabell 3. Prosentvis fordeling av inngrep, inngrepsfri og tilgjengeleg topografi i strandsonearealet.

| | Tilgjengeleg strandsone | Utilgjengeleg strandsone: Inngrep | Utilgjengeleg topografi | Utilgjengeleg strandsone: Inngrep og bratt topografi |
|--------|-------------------------|-----------------------------------|-------------------------|--|
| Status | 47,7 % | 23,3 % | 12,5 % | 16,5 % |




Figur 3. Utsnitt frå temakart tilgjengeleg i strandsone i Tysvær kommune. Utsnittet er frå Nedstrand. Temakart for heile kommunen ligg som vedlegg. Grøn farge syner tilgjengeleg strandsone og raud farge utilgjengeleg strandsone.

Det er fleire område som er tilrettelagte for friluftsliv ved sjø i Tysvær kommune, men i hovudsak er områda urørt og vill natur. Område som ikkje er tilrettelagde for aktivitetar har likevel kvalitetar knytt til m.a. svaberg, skjerma viker og utstikkande nes. Bruksmessig kan ein sjå at det er tradisjon for bruk av strandsona i kommunen, ved at det er etablert mange naust, gardsbruk, bustader, hytter og industri-/næringsverksemder i strandsona.

Topografisk har Tysvær kommune ei relativt god og tilgjengeleg strandsone i høve til brattleik. Dersom ein utelukkande analyserer strandsona med omsyn til topografi er om lag 17 % av strandsona i Tysvær kommune utilgjengeleg (jf. definert helling > 25 grader). Det er delområde med lengre bratte parti som t.d. austsida ved Amdal, Ringja og Gaupåsen, men i hovudsak er det mindre delstrekk med bratt topografi i kommunen. Strandsona varierer stort i kommunen, frå stupbratte område til slake svaberg. Generelt består store delar av strandsona av kupert terreng mot sjø, som gjer strandsona mindre tilgjengeleg frå landsida. Samstundes er det mange godt tilgjengelege og attraktive område med tilkomst frå sjøsida.

Tysvær har ein mangfoldig flora, fauna og landskap. Mange område har stor verdi for rekreasjon, friluftsliv, opplevelse og kunnskap. Ein kan finna opparbeidde turstiar, tilrettelagde badeplassar og småbåthamner i dei fleste bygdene/krinsane, og skjergarden er attraktiv for båtturistar. Samstundes som det finst tilrettelagte friluftsområde, er det mange fine område som ikkje er tilrettelagte og tilgjengelege

med sti eller liknande. Både dei tilrettelagte og ikkje tilrettelagte områda er mellom anna viktige i høve til folkehelse og oppvekstmiljø/nærmiljø.



Figur 4. Utsnitt frå temakart tilgjengeleg i strandsone i Tysvær kommune og regulerte areal til småbåthamn i gjeldande kommuneplan 2012-2024/ reguleringsplan (offentleg eller privat). Utsnittet er frå Borgøy, Slogvik, Hervik og Espevik. Grøn farge syner tilgjengeleg strandsone og raud farge utilgjengeleg strandsone. Blå stjerne syner område regulert til småbåthamn.

5 Funksjonell strandsone

Funksjonell strandsone er definert som:

"Den sona som står i innbyrdes direkte samspele med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet." (Fylkesplan Hordaland 2005-2008)

Kartlegging av funksjonell strandsone inneber ei analyse av strandsona sin kvalitet og verdi. Gjennom ei slik kartlegging kan ein differensiera strandsoneverdiane basert på fastsette kriterium, og definera område som bør *vernast* og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting. Kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og tilgjenge for allmenta står i fokus.

5.1 Metode

Kartleggingsarbeidet er utført basert på eksisterande data og flyfoto, samt lokal kjennskap til områda. Temakarta for kartlegginga og kart som syner fastsett funksjonell strandsone ligg som vedlegg til rapporten. Ut frå temakarta og studie av flyfoto er det gjort ei vurdering av strandsoneverdiane. Arbeidet er gjennomført i tett dialog og samarbeid med Tysvær kommune.

5.1.1 Digitale data

Tilgjengelege digitale data:

- Felles kartdatabase (FKB)
- Digital markslagskart (Ar5)
- Naturbasen (Direktoratet for Naturforvaltning)
- Inngrepstilfelle naturområde (INON-områder, Direktoratet for Naturforvaltning)
- Databasen Askeladden
- Temakart Rogaland
 - Kjerneområde landbruk
 - Grønstruktur Haugalandet
 - Vakte landskap
 - FINK og FINK partnerskapsområde
- Kommuneplan for Tysvær (2012-2024)
- Arealstatus for Tysvær kommune
- Flyfoto / ortofoto

5.1.2 Kriterium

Basert på definisjonen av funksjonell strandsone er det utarbeidd sju kartleggingskriterier. Til saman vil kriteria gi eit heilskapleg og konkret grunnlag for kvalitetsvurdering og differensiering av strandsona. I område der ingen av kriteria er framtredande og gjev grunnlag for ei differensiert strandsone, vert 100-metersbeltet videreført.

Funksjonell strandsone er kartlagt ut frå dagens situasjon og tek ikkje høgde for evt. framtidig utbygging av område. Det er ikke gjort vurderingar knytt til fastsetjing av nye byggjegrenser i dei ulike områda i denne fasen. Avgrensingar er søkt fastsett i tråd med definerte kriteria som biologisk mangfald, landskap, kulturminne/kulturmiljø, friluftsliv, landbruk, eksisterande infrastruktur og eksisterande plan. I det vidare vert desse kriteria utdjupa nærmare.

Biologisk mangfald

Område med stort og/eller særprega biologisk mangfald er kartlagt etter retningsliner utarbeida av Direktoratet for naturforvaltning (DN). Områda er prioriterte i tre kategoriar; A (svært viktig), B (viktig) og C (lokal verdi). Kriteria for denne prioriteringa er gjort på bakgrunn av området sin kvalitet og innhald av rødlisteartar. Alle desse områda vert vekta høgt dersom lokaliteten er knytt til strandsona.

Anna biologisk mangfald som er knytt til strandsona og som har kvalitetar og relasjon til strandarealet, t.d. strandeng, strandberg og sumpområde, vil vera ein del av vurderinga.

For større vassdrag vert delar av elveosen teke med som ein del av funksjonell strandsone. Dette er gjort for å hindre utbygging nær elva og osen som er ein viktig biologisk biotop.

- Område verna etter naturvernlova (naturmangfaldlova)
- Område registrert med viktig biologisk mangfold (naturtypar, viltkartlegging)
- Anna biologisk mangfold, uregistrert
- Større vassdrag

Landskap

Strandsona kan ha kvalitetar som er knytt til eit landskapsrom som naturleg vender seg mot stranda/sjøen. Landskapsrommet vert då ei naturleg topografisk avgrensing. Landskapselement kan ha verdiar i høve til lokal identitet, heilskap, urørt landskap og særmerka former. I større urørte område, samt særmerka og tydelege landskapselement, som t.d. nes, er dette kriteriet lagt spesielt stor vekt på.

Topografi og brattleik er avgjerande for i kva grad området er tilgjengeleg i friluftssamanheng, samt kor eigna området er for ulike arealføremål, som t.d. byggjeområde. Brattleksanalysen frå fase 1 (kartlegging av arealstatus) tek utgangspunkt i at areal brattare enn 25 grader helling er utilgjengeleg. Saman med andre kriterium vert større parti som er brattare enn 25 graders helling teke med som ein del av funksjonell strandsone og linja sett ovafor det bratte partiet for å hindre silhuettutbygging.

Brattleksanalysen vert nytta i samanheng med andre kriterium og forsterkar grunnlaget for vurderinga.

- Landskapsrom/landskapselement
- Topografi - bratte område
- Inngrepstilfelle naturområde i Norge (INON)
- Temakart Rogaland: Vakre landskap, grønstruktur

Kulturminne og kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne er tilgjengeleg i databasen Askeladden (Riksantikvaren). I tillegg har Rogaland fylke eigne registreringar. Kulturminne som har tilknyting til strandsona er lagt vekt på i vurderinga.

Bygnings- og landskapsmiljø som er knytt til strand/sjø vert vurdert som ein del av den funksjonelle strandsona. Område med svært spesielle kvalitetar, som t.d. heilskaplege bygningsmiljø, vert saman med kriteriet topografi/landskap vekta høgt.

- Automatisk freda kulturminne
- Temakart Rogaland
- Sefrak registreringar
- Kulturmiljø/kulturlandskap

Friluftsliv

Statleg sikra friluftsområde er lokalt og regionalt viktig for rekreasjon og friluftsliv. Det er difor viktig at slike områder får ein viss inngrepstilfelle buffer kring seg.

Rogaland fylkeskommune har kartlagt viktige regionale friluftsområde for både sjø- og landareal, FINK og FINK-partnarskapsområde. Bakgrunnen for registreringane er mellom anna å presentere område og objekt med verneverdi for naturvern og kulturvern, samt sikre område for friluftsliv og fysisk aktivitet.

Fastsetjing av funksjonell strandsone kan gi bakgrunnsinformasjon og avgjerdsgrunnlag for å sikre lokale badeplassar og lune viker som vert nytta til friområde. Kriteriet friluftsliv vert sterkt knytt saman med kriteriet landskap/topografi og kulturminne/kulturmiljø.

- Statleg sikra friluftsområde
- Regionale friluftsområde (FINK og FINK partnarskapsområde)
- Lokale friluftsområde
- Lokale badeplassar/friområde

Landbruk

Tilgjengeleg strandsone for allmenta kan definerast som område med fri ferdsel etter Friluftslova, samt tilgjenge i høve til topografi. I følgje Friluftslova er det fri ferdsel i utmark, med eitt par unntak. Der innmark (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) går heilt ned i sjøkanten er det ikkje fri

ferdsel i 100-metersbeltet. Landbrukskriteriet vert vektlagt der innmark går ned til sjø og funksjonell strandsone vert sett enten på 100-metersbeltet eller på bakgrunn av særeigne og avgrensa landskapsrom.

- Dyrka mark
- (Temakart Rogaland, Kjerneområde for landbruk)

Eksisterande infrastruktur

Område med infrastruktur vert vurdert i høve til landskapsrom, barriere verknad og tilknyting til strand/sjø.

- Veg
- Busetnad

Sjøtilknytt busetnad er ein del av strandsona, t.d. naustmiljø og småbåthamn.

Konsentrert bustadutbygging vil vera ei naturleg avgrensing for den funksjonelle strandsona. Funksjonell strandsone vil verta sett anten langs veg eller nærmeste bygg til sjø der strandsona allereie er privatert. I spreidd utbygde område vert det gjort ei vurdering i høve til områda sine strandsoneverdiar, og funksjonell strandsone vert sett på bakgrunn av eksisterande infrastruktur eller basert på andre kriterium. Funksjonell strandsone kan i enkelte område inkludere både bustadhús og hytter der desse tiltaka er vurdert å vera ein del av strandsona.

Ein veg kan vera ei naturleg avgrensing mellom urørt areal og utbygde område, eller mellom landskapselement- og bruk. Veg som avgrensande kriterium er nyttå i område der vegen er ein klar barriere mellom ulike landskapselement og/eller bruksmessige tilhøve.

Eksisterande plan

Der det er eksisterande regulerings- eller utbyggingsplanar med fastsett byggjegrense mot sjø, vert den funksjonelle strandsona i hovudsak sett i samsvar med plan. Ein del reguleringsplanar har avsett grønstruktur/friområde til sjø. I desse tilhøva blir funksjonell strandsone i stor grad avgrensa i samsvar med arealføremål. For planar utan byggjegrense mot sjø vert funksjonell strandsone vurdert med hovudvekt på landskap og eksisterande infrastruktur.

- Kommuneplan med delplanar (2012-2024)
- Reguleringsplan
- Utbyggingsplan/disposisjonsplan

Metoden sett ikkje særskilt fokus på kartlegging av funksjonell strandsone i sjønære næringsområde og sentrumsområde. Ein har valt å trekka ut delområde knytt til næring i kartlegginga.

5.1.3 Feilkjelder og usikkerheit

Analysane er utarbeidd basert på eksisterande datagrunnlag. Feil og generaliseringar i datagrunnlaget, samt i analysane, kan ha påverka kvaliteten på resultata. Vurderingane er gjennomført på eit overordna nivå og vil speglar realitetene på ein grov måte. Dette er likevel vurdert som tilstrekkeleg på kommuneplannivå.

Kartlegging av den funksjonelle strandsona er basert på konkrete, men også skjønnsmessige kriterium. For å redusere feilmargin/feilkjelde er arbeidet gjort i tett dialog med representantar frå Tysvær kommune med lokal kjennskap.

5.2 Nytte av kartlegginga

Gjennom å kartlegge funksjonell strandsone får ein eit verktøy for vurdering av vern, tilpassa bruk og område som kan leggjast til rette for utbygging. Funksjonell strandsonekartlegging er ei kartlegging av den verdifulle strandsona. Kartlegginga er gjennomført på eit overordna nivå og speglar i grove trekk strandsoneverdiane. Ein del tiltak, som t.d. småbåthamn, naust og friområde, er ein del av den verdifulle strandsona og kan dels auke den sin verdi og tilgjengelighet.

Kartlegginga kan nyttast i kommuneplan samanheng som:

- Grunnlag for vurdering av arealinnspel og avgrensing av arealinnspel (konsekvensutgreiing)
- Grunnlag for fastsetjing av byggegrense, der kommuneplanen sine føresegner vil definera kva infrastruktur og bygg/anlegg som kan ligga nærmare enn funksjonell strandsone
- Grunnlag for fastsetjing av omsynssone med tilhøyrande retningslinje/føresegn
- Ein skyggeplan for vidare arealforvaltning og planrevisjon


Samstundes kan kartlegginga brukast i samband med handsaming av byggesøknadar og dispensasjonssøknadar.

Funksjonell strandsone er ikkje det same som ei forbodsgrense for utbygging mot sjø (byggjegrense). Kartlegging av funksjonell strandsone er ei analyse av strandsona sin kvalitet og verdi. I enkelte område kan avgrensing av funksjonell strandsone samsvare med byggjegrensa, i mange andre område er desse linjene ulike.

Følgjande figurar tydeleggjer prinsippet med kartlegging av funksjonell strandsone i høve definering av ny byggjegrense:




100-metersbeltet er avgrensa med svart strek.
Byggeformål er synt med blå farge.
Byggeforbodet i 100-metersbeltet er gjeldande innanfor eksisterande bygeområde, både regulerte og uregulerte, dersom ikkje anna byggjegrense er avsett i plan.



Steg 1

Funksjonell strandsone er kartlagt og avgrensa med blå strek.
Kartlegging av funksjonell strandsone er ei kartlegging av områder med strandsoneverdiar.



Steg 2

Innanfor eksisterande byggeområde er ny byggegrense vurdert basert på planstatus og eksisterande utbygde eigedomar.
Ny byggjegrense mot sjø er avgrensa med raud strek.



Steg 3

I område der det er vesentleg avvik mellom funksjonell strandsone og ny byggjegrense, kan det leggjast ei omsynssone med føringar for å ivareta strandsoneverdiane innanfor området.

6 Resultat funksjonell strandsone


Tysvær kommune har valt ut delområde i kommunen der funksjonell strandsone er kartlagt. Bakgrunnen for dei utvalte områda er at dette er område med press for ny utbygging. Til saman er om lag 85% av fastlandsTysvær kartlagt.

Kartleggingsarbeidet er delt inn i delområde som vert skildra i dei underliggende kapitla. Figur under viser område der funksjonell strandsone er kartlagt.



Figur 5. Oversikt av område der funksjonell strandsone er kartlagt. Rød strek symboliserer område der funksjonell strandsone er kartlagt.

6.1 Område 1. Førresfjorden: Førre, Skre - Udnarvika



Området er eit sterkt utbygd område der store delar er detaljregulert i plan. Utbygginga ligg tett til sjøen, og det er etablert fleire hamner og naustområde. Funksjonell strandsone er i stor grad trekt nærmare sjø enn 100-metersbeltet.

Frå Skre mot indre del av Førre er kriteriet bratt topografi avgjerande for fastsetting av funksjonell strandsone. Det er relativt bratte område mot sjø som dannar platå innanfor kystlinja. Det er lite utbygd innanfor 100-metersbeltet.

Indre del av Førre er tett utbygd nær sjøkanten, og detaljregulert. I reguleringsplanane eller gjeldande kommuneplan 2012-2024 er det avsett friområde eller friluftsområde mot sjø. Funksjonell strandsone inkluderer dei grøne arealføremåla og følgjer føremålslinja mellom grøntareal og byggeareal.

Sør for Napp på austsida av Førresfjorden er det avsett bustadføremål i gjeldande kommuneplan 2012-2024. I dette området er funksjonell strandsone sett i kant med friområde eller sett langs topografiske avgrensingar.

Tabell 4. Oversikt av kriterium som er nytta i område 1. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfold | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|----------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| | X | | X | | X | X |



6.2 Område 2. Førresfjorden: Stauavika-Breivik

Området varierer frå urørt natur og friluftsområde til spreidd utbygde område. Det er både gardsbruk, bustadar og hytter innanfor området. Alle kriteria er nytta ved fastsetting av funksjonell strandsone. Generelt er funksjonell strandsone i område med tiltak eller dyrka mark, sett nærmere sjøen enn 100-metersbeltet. I område utan inngrep eller med registrerte frilufts- og naturverdiar er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.

I nordre del dominerer jordbruksaktivitet, og delar av dette området er definert som kjerneområde for landbruk (Hauge). Jordbruksområda medverkar til å danne opne landskapsrom der den dyrka marka går frå kystlinja og innover land. I andre område er dei dyrka teigane trekt opp frå sjø og medverkar ikkje til å definere landskapsrom knytt til sjøen.

Det er registrert både viltområde og naturtypar innanfor området. I Sørvågen ved Våga er det registrert eit større viltområde knytt til vade-, måke og alkefuglar, samt spurvefuglar. Viltområdet er i hovudsak knytt til nedre del av strandsona og sjøområdet. I tillegg er det tre naturtypar i området knytt til naturbeitemark og rik edellauvskog. Ingen av desse naturtypane er direkte knytt til strandsona sine kvalitetar/ressursar. Ved Høieelva er det registrert to naturtypar; viktig bekdedrag og hagemarkskog. Og litt lengre sør ved Narravika er naturtypen kystlynghei registrert. Både bekdedrag og kystlynghei er knytt til strandsona og er ein del av strandsona sin verdi. Då området med kystlynghei strekk seg langt inn på land er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.

Kallevikneset og delar av Hetlandsrågen er registrert som FINK område. Ingen av friluftsområda er sikra per i dag, men er planlagt sikra. Begge områda er godt tilgjengelege friluftsområde både frå sjø og frå landsida.

Stort sett heile området er definert som regional grønstruktur. Området kring Hetlandsrågen er registrert som vakre landskap (kystlandskap). Definerte landskapsrom og topografiske avgrensa landskap er eit mykje nytta kriterium. I område med vakre landskap har ein lagt særleg vekt på kriteriet landskap/landskapsrom.

I hovudsak er funksjonell strandsone vurdert og sett på bakgrunn av kriterium landskap, topografi, landbruk, infrastruktur og plan. I tillegg er delområde sett basert på kulturminne knytt til sjø, friluftsliv og biologisk mangfold.

Tabell 5. Oversikt av kriterium som er nytta i område 2. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfold | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|-------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| X | X | X | X | X | X | X |

Stauavika - Hauge. Temakart nr. 2a

Frå nord er funksjonell strandsone sett med bakgrunn i topografi der det er bratte område til sjø. I område med utbygging der bygga dannar eit klart skilje i bruk og landskapsrom, er funksjonell strandsone sett i fasadeliv på bygga. I område der bygga ikkje dannar eit slikt skilje er bygga inkludert i funksjonell strandsone. I Sørvågen er det klart definerte landskapsrom der funksjonell strandsone enten inkluderer landskapsrommet om dei er innanfor 100-metersbeltet eller er sett på 100-metersbeltet der dei strekk seg lengre enn 100-metersbeltet. Heile Kallevikneset er inkludert i funksjonell strandsone. I tillegg er eit kulturminne frå jernalderen inkludert (automatisk freda gardsanlegg med gravrøys, tuft, åkerrein og



— Strandsonebelte, 100-metersbeltet
— Kartleggingsområde

båtstø). Sør frå Kallevikneset er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet på bakgrunn av jordbruk og landskapsrom. På Kallevik er bustadområdet regulert i plan. I området nord for reguleringsplanen er funksjonell strandsone sett basert på topografi og innanfor reguleringsplanen basert på føremålslinje mellom bustad og friområde som ligg ved sjøen. Vidare sørover er funksjonell strandsone sett basert på jordbruksområde, topografi og bygningar.



Hauge - Breivik (reguleringsplan for Gismarvik næringspark). Temakart nr. 2b

I all hovudsak er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet på bakgrunn av at områda er utan inngrep, registrerte naturtypar og relativt tilgjengeleg strandsone i eit friluftsperspektiv. Det er såleis ikkje funne grunn for å differensiere 100-metersbeltet. Delstrekket er eit relativt sårbart landskap bestående av ope berg og lyngområde. I Breivika er funksjonell strandsone sett nærmare 100-metersbeltet basert på topografi og infrastruktur.



6.3 Område 3. Førresfjorden- Førlandsfjorden: Søre Dyrnesvågen - Gismarvik - Førlandsfjorden vestsida og aust til Sjøbrotet

Området varierer frå urørt natur og friluftsområde til tett utbygde område. Mange av dei utbygde områda ligg tett på kystlinja og innanfor 100-metersbeltet. Alle kriteria er nytta ved fastsetting av funksjonell strandsone. Generelt er funksjonell strandsone i område med tiltak eller dyrka mark, sett nærmere sjøen enn 100-metersbeltet. I område utan inngrep eller med registrerte frilufts- og naturverdiar er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Ein del landskapselement utover 100-metersbeltet er inkludert i funksjonell strandsone.

Det er spreidd jordbruksaktivitet i heile området. Særleg indre del av Førlandsfjorden er prega av jordbruksdrift. Her er kjerneområde for landbruk definert (Førland). Jordbruksområda medverkar til å danne opne landskapsrom der den dyrka marka går frå kystlinja og innover land. I andre område er dei dyrka teigane trekt opp frå sjø og medverkar ikkje til å definere landskapsrom knytt til sjøen.

Det er registrert både viltområde og naturtypar innanfor området. Heile Førlandsfjorden er registrert som naturtype «sterke tidevasstraumar». Inst i Førlandsfjorden er det registrert to område av naturtype strandeng og strandsump. I tillegg til naturtypane er det registrert eit større viltområde i same område som er knytt til vade-, måke og alkefuglar, samt andefuglar, terne og svanar. Både naturtypane og viltområdet er knytt til strandsona og sjøområda. Registreringane er særskilt vektlagt i dette området.

Ved Rønnevik aust i Førlandsfjorden er det registrert eit viltområde med artar som i hovudsak er knytt til skogshabitat. Biologisk mangfold er ikkje særskilt vektlagt då viltområdet ikkje direkte er knytt til strandsona si kvalitet.

Det er ikkje registrerte FINK område innanfor området. Delar av eit FINK partnarskapsområde som er knytt til Vesterøya og Austerøya kjem innanfor området ved Halsaneset/Grønestøl. Registreringa vert ikkje særleg vektlagt i vurdering av funksjonell strandsone då den er i hovudsak knytt til øyane utanfor kartleggingsområdet.

Delar av området er definert som regional grønstruktur (sør ved innløpet til og indre delar av Førlandsfjorden). Landarealet mellom Førresfjorden og Førlandsfjorden er registrert som vakre og meget vakre landskap (kystlandskap og kyst- og øylandskapet i Ryfylke). Definerte landskapsrom og topografiske avgrensa landskap er eit mykje nytta kriterium. I område med vakre landskap har ein lagt særleg vekt på kriteriet landskap/landskapsrom.

I hovudsak er funksjonell strandsone vurdert og sett på bakgrunn av kriterium landskap, topografi, landbruk, infrastruktur og plan. I tillegg er delområde sett basert på biologisk mangfold. Kulturminne er inkludert i vurderinga, men er ikkje avgjerande for fastsetting av funksjonell strandsone.

Tabell 6. Oversikt av kriterium som er nytta i område 3. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfold | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|----------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| X | X | X | X | X | X | X |



— Strandsonebelte, 100-metersbeltet
— Kartleggingsområde

Søre Dyrnesvågen (reguleringsplan for Gismarvik næringspark) - Halsaneset. Temakart nr. 3a

Frå reguleringsplanen til Gismarvik næringspark er funksjonell strandsone sett basert på topografi og bygningar/vegar som dannar klare landskapsskilje. Det er noko jordbrukssteigar i området, men dei dannar ikkje klare landskapsrom. Topografisk er det relativt bratt mot sjø. Kriteria landskap og infrastruktur er avgjerande for funksjonell strandsone fram til detaljplanen for hyttefeltet ved Vestersjø/Gismarvik.

Innanfor reguleringsplanen er funksjonell strandsone avgrensa basert på avsett friområde mot sjø. Funksjonell strandsone inkluderer friområdet.

Frå reguleringsplanen og sørover er funksjonell strandsone i hovudsak halde på 100-metersbeltet. Der funksjonell strandsone er sett nærmere sjøen er det basert på bratt topografi mot sjø. Heile Halsaneset er inkludert i funksjonell strandsone sjølv om delar av halvøya ligg utanfor 100-metersbeltet. Halvøya er eit tydeleg landskapselement og er difor ein del av den funksjonelle strandsona.



Halsaneset - Mjåsundet. Temakart nr. 3b


For store delar av området er funksjonell strandsone sett innanfor 100-metersbeltet. Ein stor del av 100-metersbeltet er utbygd med bustadar og hytter. Det er noko dyrka mark som går til kystlinja som dannar klare landskapsrom.

Frå Halsaneset er funksjonell strandsone sett langs fylkesvegen som dannar landskapsbarriere. Vidare er funksjonell strandsone sett langs fasade på bygningar som er trekt frå kystlinja, medan andre bygg som ligg tett på kystlinja er inkludert i funksjonell strandsone. Topografi og plassering av bygga i terrenget er avgjerande om dei ligg innanfor eller utanfor funksjonell strandsone.

Hovudsakleg er det topografiske landskapsrom som er grunnlaget for funksjonell strandsone innover Førlandsfjorden. Det er spreidd utbygd i området og få bygg dannar klare avgrensingar i seg sjølv. Noko jordbruksområde dannar skilje i landskap og bruk av områda.

I områda nærmast bruia over Mjåsundet er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Like nord for bruia er det ein reguleringsplan for bustadfelt. I dette området er funksjonell strandsone sett i

føremålslinja mellom bustad og friområde mot sjø. Tilgrensande reguleringsplan er eit bustadområde avsett i gjeldande kommuneplan 2012-2024 (ikkje utbygd). Funksjonell strandsone føl føremålslinja.



Mjåsundet/Baståsvika - Nordre Mjåsundet. Temakart nr. 3b, 3c og 3d

Ved Baståsvika er funksjonell strandsone avgrensa basert på jordbruksområde og vidare E39 som ligg innanfor 100-metersbeltet. Vidare nordover fram til Tingvika er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Det er ingen grunnlag for å differensiere 100-metersbeltet.

På Hetland er det ein reguleringsplan for eit hytteområde. Planen er frå 1971, og delar av utbyggingsføremåla går heilt til sjø. Innanfor reguleringsplanen har ein inkludert friluftsforemålet der det er naturleg, samt fasadeliv på eksisterande hytter der utbyggingsføremålet går til kystlinja. Nord for Hetland er det ein ny hytteplan der ein har følgt føremålslinje og inkludert friluftsområde i funksjonell strandsone.

Nord frå Haukåsvågen er busettnad, landskap og topografi nytta som avgrensing for funksjonell strandsone. Frå Sætrevika er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet då det er ingen grunnlag for differensiering.

Ved Norheim går E39 om lag på 100-metersbeltet og funksjonell strandsone er sett langs europavegen. For delområdet har ein valt å halde enkelte bygningar, som ligg tett på E39, utanfor funksjonell strandsone. I området frå E39 og til Apelandsvika er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Dette er eit delstrekkt utan infrastruktur og med bratt topografi mot sjøen. Jordbruksområda er trekt vekk frå sjøen og dannar ingen klare landskapsrom.

Ved Apeland dannar jordbruksområda ein barriere mellom strandsona og anna type bruk og landskap. Funksjonell strandsone er sett basert på jordbruksområde og topografi. Ved Littleklubben og Storeklubben er funksjonell strandsone trekt noko lengre inn enn 100-metersbeltet basert på definert landskapsrom som dyrka mark dannar. Vidare nordover er funksjonell strandsone sett basert på bratt topografi mot sjø og bygningar.



Nordre Mjåsundet og indre del av Førlandsfjorden. Temakart nr. 3d

Frå Nordre Mjåsundet og austsida av Førlandsfjorden er funksjonell strandsone sett basert på jordbruksareal, topografi, bygningar og vegar. Funksjonell strandsone varierer mellom 100-metersbeltet og nærmere kystlinja. Inst i fjorden går det ein fylkesveg som dannar barriere mellom strandsone og anna bruk og landskap. Ved skuleområdet er funksjonell strandsone sett i framkant av skulebygg og området. På austsida i vågen er funksjonell strandsone sett basert på fylkesvegen sin barrieverknad. Vidare sør mot Nordre Mjåsundet er funksjonell strandsone avgrensa av jordbruksareal og markerte topografiske trekk. For delområde er funksjonell strandsone trekt nærmere kystlinja basert på bygningar og avgrensa landskapsrom. I området er det registrerte viltområde og naturtypar som er inkludert i funksjonell strandsone.





Nordre Mjåsundet - Sjøbrotet. Temakart nr. 3d og 3e

Frå Nordre Mjåsundet til bustadområdet Padlane er det topografi som avgrensar funksjonell strandsone. Ein del busetnad er trekt opp frå kystlinja og er ikkje ein del av funksjonell strandsone. Innanfor reguleringsplanen følgjer funksjonell strandsone føremålsgrensa for friområde.

Sør for bustadfeltet er det spreidd utbygd og delar av busetnaden er utanfor funksjonell strandsone, basert på topografi og plassering i terrenget. Der 100-metersbeltet kryssar fylkesvegen er funksjonell strandsone sett langs fylkesvegen. Vidare sørover er funksjonell strandsone avgrensa av på bratt topografi mot sjø og bygningar som er trekt inn frå land. I Breivik går fylkesvegen nær kystlinja og dannar ein klar barriere. Funksjonell strandsone følgjer fylkesvegen frå Breivik til Hestaneset. Mot Sjøbrotet er funksjonell strandsone vurdert og sett på bakgrunn av topografi, jordbruksområde og busetnad.



6.4 Område 4. Førlandsfjorden: Sjøbrotet - Kårstø

Området varierer frå urørt natur og friluftsområde til tett utbygde område. Mange av dei utbygde områda ligg tett på kystlinja og innanfor 100-metersbeltet. Alle kriteria er nytta ved fastsetting av funksjonell strandsone. Generelt er funksjonell strandsone i område med tiltak eller dyrka mark, sett nærmare sjøen enn 100-metersbeltet. I område utan inngrep eller med registrerte frilufts- og naturverdiar er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.

Det er jordbruksaktivitet i store delar av området. Særleg indre del av Tysværvågen og frå Slattvik til Kårstø er prega av jordbruksdrift, og desse områda er definert som kjerneområde for landbruk (Tysværvåg og Eikje). Jordbruksområda medverkar til å danne opne landskapsrom der den dyrka marka går frå kystlinja og innover land. I andre område er dei dyrka teigane trekt opp frå sjø og medverkar ikkje til å definere landskapsrom knytt til sjøen.

Det er registrert både viltområde og naturtypar innanfor området. Heile Førlandsfjorden er registrert som naturtype «sterke tidevasstraumar». Tysværvågen er registrert som eit viktig viltområde for mellom anna ulike andefuglar, samt svanar. Nordaust i vågen er det i tillegg fleire naturtypar knytt til lauvskog. Biologisk mangfold er ikkje særleg vektlagt då det ikkje direkte er knytt til strandsona si kvalitet, men knytt til sjø og nære strandsona, samt skogsområde.

Det er ikkje registrerte FINK område innanfor området.

Delar av området er definert som regional grønstruktur (sør ved innløpet til Førlandsfjorden). Område kring innløpet til Førlandsfjorden (Eikje og Hauka) er registrert som vakre og meget vakre landskap (kystlandskap og kyst- og øylandskapet i Ryfylke). Definerte landskapsrom og topografiske avgrensa landskap er eit mykje nytta kriterium. I område med vakre landskap har ein lagt særleg vekt på kriteriet landskap/landskapsrom.

I hovudsak er funksjonell strandsone vurdert og sett på bakgrunn av kriterium landskap, topografi, landbruk, infrastruktur og plan. I tillegg er delområde sett basert på biologisk mangfold.

Tabell 7. Oversikt av kriterium som er nytta i område 5. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfold | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|----------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| X | X | X | X | X | X | X |

Sjøbrotet - Tysværvågen. Temakart nr. 4a

For heile dette delstrekket er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Det er inga forhold som gir grunnlag for å differensiere 100-metersbeltet. Delområdet er utan inngrep og framstår som eit tilgjengeleg naturområde. Delar av området er definert som regional grønstruktur.



— Strandsonebelte, 100-metersbeltet
— Kartleggingsområde



Tysværvågen - Mjåsundet. Temakart nr. 4a

Nordre del av Tysværvågen er utan inngrep og har kvalitetar mellom anna som viltområde. Funksjonell strandsone er sett på 100-metersbeltet. Nordaust i vågen er funksjonell strandsone avgrensa av friområde til sjø som ligg i gjeldande kommuneplan 2012-2024. I austre del av vågen er funksjonell strandsone sett i kant med fylkesvegen som går nær kystlinja og dannar ein barriere. Sør i vågen er det avsett område til fritidsføremål og idrettsanlegg. Det går ein kyststi frå fylkesvegen og fram til idrettsanlegget. Funksjonell strandsone er sett i føremålslinja mellom utbyggingsføremål og friområde. Ved idrettsanlegget er det definerte landskapsrom som dannar avgrensinga for funksjonell strandsone. Området frå idrettsanlegget og vidare mot Mjåsundet er vurdert i forhold til at dette er område utan inngrep og det er ingen kriterium som gir grunnlag for differensiering av 100-metersbeltet.



Mjåsundet/Slåttevik - Eikjesvika. Temakart nr. 4b

I områda sør for Mjåsundet er det utbygd med bustadar og hytter. Store delar av busetnaden er trekt noko opp frå kystlinja og dannar ein barriere mot sjøen. Funksjonell strandsone er sett i fasadeliv på bygg som er trekt vekk frå kystlinja. Ved strandstaden Slåttevik er det avsett areal til friområde til sjø, samt badeplass. Funksjonell strandsone er sett basert på reguleringsplanen sine avgrensingar mellom utbyggingsføremål og allmenne føremål (friområde/badeplass). Campingplassen er ikkje inkludert i funksjonell strandsone.

Sør for reguleringsområda er funksjonell strandsone sett i stor grad basert på topografi. Store delar er nærmare enn 100-metersbeltet. Ved Hidlevika er det noko spreidd hyttebygging, der dei hyttene som er trekt lengst frå sjø ikkje er ein del av funksjonell strandsone. Nokre av hyttene ligg skjult i terrenget.




Eikjesvika - Kårstø. Temakart nr. 4b

Frå Eikjesvika er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet då det er ingen forhold som gir grunnlag for å differensiere 100-metersbeltet. Ved Leirvika er det gardsbruk og hytter som ligg utanfor funksjonell strandsone. Bygga er trekt noko opp frå kystlinja og ligg skjult i terrenget.

I Leirvik (Susort) er det etablert eit bustadfelt som er regulert i plan. Funksjonell strandsone er sett langs grønstrukturen som er avsett mot sjø. Topografisk er utbyggingsføremåla ikkje ein del av strandsona. Vidare sørover er funksjonell strandsone avgrensa av topografi og jordbruk som dannar landskapsrom. Inn mot bruva ved Kårstø er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet då det er ingen forhold som gir grunnlag for å differensiere 100-metersbeltet.



6.5 Område 5. Hervikfjorden: Kårstø - Lindholha



Området strekk seg frå Kårstø næringsområde via Haugsneset som er regulert til næringsføremål og vidare nordover til Lindholha. Ved Kårstø er det jordbruksaktivitet og ein del busetnad. Frå Haugsneset og nordover er det spreidd hyttebusetnad. Ein har valt å ikkje sette funksjonell strandsone innanfor reguleringsplan for næring på Haugsneset, basert på at detaljar kring bruk av området må avklarast i detaljplan.

Jordbruksdrifta er konsentrert til områda aust for Kårstø. Dette området er definert som kjerneområde for landbruk (Falkeid). Jordbruksområda dannar opne landskapsrom der den dyrka marka går frå kystlinja og innover land. I andre område er dei dyrka teigane trekt opp frå sjø og medverkar ikkje til å definere landskapsrom knytt til sjøen.

Sjøområda utanfor Årvik og Haugsneset er registrert som viltområde for vade-, måke- og alkefuglar, samt andre sjøfuglar. Viltområdet er i hovudsak knytt til sjøområda og nedre del av strandsona. Inn på land ved Årvik er det registrert eit viktig viltområde for m.a. spettmeis og gulsanger. Viltområdet er knytt til skogshabitat og ikkje strandsona. Langs Årvikselva er naturtypen viktig bekdedrag registrert.

Det er ikkje registrert FINK område innanfor området. Det er fleire naustområde i området og fleire tilgjengeleg og fine viker som kan nyttast i friluftssamanheng.

I hovudsak er funksjonell strandsone vurdert og avgrensa på bakgrunn av kriterium landskap, topografi, landbruk og infrastruktur. I tillegg er delområde sett basert på biologisk mangfald. Kulturminne er inkludert i vurderinga, men er ikkje avgjerande for fastsetting av funksjonell strandsone.

Tabell 8. Oversikt av kriterium som er nytta i område 6a. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfald | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|----------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| X | X | X | | X | X | |

Kårstø - Haugsneset. Temakart nr. 5a

Området strekk seg frå reguleringsplan for Kårstø næringsområde og Haugsneset næringsområde. Jordbruksområda dannar store landskapsrom og funksjonell strandsone er i all hovudsak sett på 100-metersbeltet. I delstrekks er funksjonell strandsone sett langs veg som går frå Kårstø.



Brattabø - Lindhola. Temakart nr. 5b

I delstrekket er landskapet relativt ope frå sjø før terrenget stig opp mot fjellområda i bakkant. Det er noko spreidd hytteutbygging i området og det går ein veg langs fjellsida utover til Indrevika/Stranda. Det er få markante bratte strekk mot kystlinja, og i all hovudsak er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Verken bygg eller veg dannar klare landskapsrom eller barrierar. Det er for store delar av delstrekket ingen grunnlag for å differensiere 100-metersbeltet.



6.6 Område 6. Hervikfjorden: Hervik - Skjoldastrumen - Valsodden

Området varierer frå urørt natur og friluftsområde til tett utbygde område. Det er både gardsbruk, bustadar, hytte og campingplass innanfor området. Mange av dei utbygde områda ligg tett på kystlinja og innanfor 100-metersbeltet. Alle kriteria er nytta ved fastsetting av funksjonell strandsone. Generelt er funksjonell strandsone i område med tiltak eller dyrka mark, sett nærmere sjøen enn 100-metersbeltet. I område utan inngrep eller med registrerte frilufts- og naturverdiar er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.

Det er jordbruksaktivitet i delar av området; Skjoldastrumen, Hundnes og Hervik.

Jordbruksområda ved Skjoldastrumen er definert som kjerneområde for landbruk (Skjoldastrumen). Jordbruksområda dannar opne landskapsrom der den dyrka marka går frå kystlinja og innover land. I andre område er dei dyrka teigane trekt opp frå sjø og medverkar ikkje til å definere landskapsrom knytt til sjøen.

Det er registrert ein naturtype ved Bjoland som er knytt til beiteskog. Naturtypen er ikkje direkte knytt til strandsonekvaliteta og såleis er biologisk mangfald ikkje vekta særleg høgt. Det er registrert to viltområde i området; Skjoldastrumen og Romslandsvågen. Begge områda er knytt til vade-, måke og alkefuglar, samt ender og andre sjøfugl. Viltområda er i hovudsak knytt til sjø og småøyar, men også delar av strandsona.


Det er registrert eit FINK område innanfor området (Storavatnområdet). FINK området er av regional betyding, men ikkje sikra. Området inkluderer Romslandsvågen. I tillegg er områda i og kring Romslandsvågen inkludert i FINK partnarskapsområde (Romslandsvågen-Sandbekken- Borgøy).

Området frå Romslandsvågen til Botnavatnet er registrert som meget vakre landskap (kystheilandskapet på Haugalandet). Definerte landskapsrom og topografiske avgrensa landskap er eit mykje nytta kriterium i området. Landskap definert av jordbruksområde og som topografiske avgrensingar er nytta i vurderinga.

I hovudsak er funksjonell strandsone vurdert og avgrensa på bakgrunn av kriterium landskap, topografi, landbruk, infrastruktur og plan. I tillegg er delområde sett basert på biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne.

Tabell 9. Oversikt av kriterium som er nytta i område 6. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfald | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|----------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| X | X | X | X | X | X | X |




— — Strandsonebelte, 100-metersbeltet

— Kartleggingsområde

Hervik - Steinsvik. Temakart nr. 6a og 6b

Herviksvågen består av busetnad og jordbruksområde som ligg tett på kystlinja. Hervik bustadfelt er regulert i plan og funksjonell strandsone inkluderer friområda som er avsett mot sjø. Hervik småbåthamn er ein del av funksjonell strandsone. Innover vågen dannar jordbruksareala eit landskapsrom som er inkludert i funksjonell strandsone, men unntak der det går ein kommunal veg som dannar skilje i bruk og landskap. Hervikneset, med unntak av næringsområdet, er inkludert i funksjonell strandsone sjølv om det er busetnad på neset. Neset er eit landskapselement som er ein del av strandsona. Innanfor Hervik camping følgjer funksjonell strandsone byggegrense som er sett i gjeldande kommuneplan 2012-2024. Nordaust for campingen er det ein reguleringsplan som har avsett føremål til mellom anna hytte. Planen er ikkje eintydig i høve til byggegrense/føremål mot sjø. Funksjonell strandsone føl veg og busetnad der bygg er trekt noko frå sjø. Ein del av busetnaden dannar klare skilje mellom strandsone og anna bruk og landskap. I nordre del av planen og ved Vorsevika er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.

Frå Vorsevika og nordover til Sandvika er funksjonell strandsone sett basert på infrastruktur; bygg og fylkesveg. Jordbruk i området er medverkande til å danne landskapsrom og skilje. Ut mot Steinsvik er funksjonell strandsone avgrensa av topografi og bygg som ligg skjerma frå sjøen.




Steinsvik - Husavatnet/Hundsnesvika. Temakart nr. 6b

Frå Steinsvik er funksjonell strandsone basert på topografi. Innanfor reguleringsplan for hyttefeltet Steinsvik er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet då det er avsett til friluftsområde nærmere sjøen. Hyttene er trekt frå sjø og alle med unntak av ei ligg utanfor 100-metersbeltet. Det er bratt topografi mot sjø. Nordover mot Skrabbavika er funksjonell strandsone sett basert på bratt topografi mot sjø og tilkomstveg til hytteområdet Kallekodt og Bekkjavika. Hyttefelta er regulert i plan og det er avsett friluftsøreområdet mot sjø. Funksjonell strandsone inkluderer friluftsområdet. Mellom hyttefelta Kallekodt/Bekkjavika og Kallekodt nord er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Innanfor hyttefeltet Kallekodt nord inkluderer funksjonell strandsone friluftsøreområdet mot sjø og elles er det topografi som er avgjeraende for fastsetting av funksjonell strandsone.

Frå Kallekodt hyttefelt er funksjonell strandsone sett basert på topografiske avgrensingar, og bygg som dannar klare barrierar. Halvøya Skogøya er inkludert i funksjonell strandsone sjølv om det er spreidd busetnad på øya. Halvøya er eit landskapselement som er ein del av strandsona.

I Hundsnesvika er det regulert eit hyttefelt. Det er avsett friluftsområde mot sjø og funksjonell strandsone inkluderer friluftsføremålet.



Husavatnet/Hundsnesvika - Romsalandsvågen. Temakart nr. 6b og 6c

For store delar av strekket mellom Hundsnesvika og til innløpet i Romsalandsvågen er det bratt topografi mot sjøen. Funksjonell strandsone er i stor grad sett basert på topografiske forhold, samt for delstrekks langs busetnad som er trekt frå sjøen og som ligg skjerma frå kystlinja. Ved Hundsnesvika og Sledvika er det ein del jordbruksaktivitet som dannar landskapsrom. Funksjonell strandsone varierer mellom 100-metersbeltet og noko nærmare kystlinja enn 100-metersbeltet.

Romsalandsvågen er registrert som friluftsområde og har naturverdiar. Vågen består av mange mindre holmar og skjer. Det er noko jordbruksaktivitet i vågen. I sør og aust går det ein fylkesveg delvis innanfor og utanfor 100-metersbeltet. Funksjonell strandsone er sett for store delar av området på 100-metersbeltet, og langs fylkesvegen der den går innanfor 100-metersbeltet. Det er ein hytteplan innanfor området frå 1981. Funksjonell strandsone inkluderer ein del av hyttene som ligg tett på kystlinja og som topografisk er ein del av strandsona, medan hytter som er trekt noko frå sjø er utanfor funksjonell strandsone. Det er fleire kulturminne kring vågen som i hovudsak er inkludert i funksjonell strandsone.





Romslandsvågen - Skjoldastraumen. Temakart nr. 6c og 6d

Frå Neset ved innløpet til Romslandsvågen og til Skjoldastraumen er det spreidd utbygd og det er ein del dyrka mark som går frå kystlinja og innover. Områda kring Skjoldastraumen er detaljregulert i plan. I områda fram til reguleringsplanane er funksjonell strandsone sett basert på bratt topografi mot sjø, jordbruksområde, vegar og busetnad. Ein del busetnad ligg tett på kystlinja og er inkludert i funksjonell strandsone.

Inn mot Skjoldastraumen er funksjonell strandsone sett langs privat kjøreveg fram til fylkesvegen. Offentleg føremål og ein del bustadar ligg innanfor funksjonell strandsone. Landskapet er ope og busetnaden er tydeleg del av strandsona. I gjeldande kommuneplan 2012-2024 er det sett byggegrense mot sjø. Nord for sentrum i Skjoldastraumen følgjer funksjonell strandsone fylkesvegen og bryt av ved kyrkja og gravplassen som ikkje er ein del av strandsona.




Skjoldastrauen - Valsodden. Temakart nr. 6d

Delstrekket mellom Skjoldastrauen til Valsodden består i stor grad av jordbruksområde, samt busetnad som ligg innanfor 100-metersbeltet. Landskapet er relativt ope og det er berre mindre parti med bratt topografi. Landskapsromma strekk seg langt inn på land, og i hovedsak er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Det er fleire automatisk freda kulturminne innanfor delstrekket som er inkludert i funksjonell strandsone. Det er ein reguleringsplan innanfor delstrekket, Erland hytteområde. Det er avsett friluftsområde mot sjø, og hyttene er i hovedsak regulert utanfor 100-metersbeltet. Funksjonell strandsone inkluderer friluftsføremålet.



6.7 Område 7. Grindafjorden: Vågsbotn - Søvika - Nesheim - Valsodden



Området varierer frå urørt natur og friluftsområde til utbygde områder av bustadar, gardsbruk, hytter og camping. Mange av dei utbygde områda ligg tett på kystlinja og innanfor 100-metersbeltet. Inst i Grindevågen går Ev39 nærmre kystlinja. Alle kriteria er nytta ved fastsetting av funksjonell strandsone. Generelt er funksjonell strandsone i område med tiltak eller dyrka mark sett nærmare sjøen enn 100-metersbeltet. I område utan inngrep eller med registrerte frilufts- og naturverdiar er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.

Det er jordbruksaktivitet i store delar av området. Særleg indre del av Grindevågen, samt Aukland/Vatland og Alvaberget/Nesheim prega av jordbruksdrift, som også er definert som kjerneområde for landbruk (Grinde-Våg, Aukland og Skjoldastrauen). Jordbruksområda dannar opne landskapsrom der den dyrka marka går frå kystlinja og innover land. I andre område er dei dyrka teigane trekt opp frå sjø og medverkar ikkje til å definere landskapsrom knytt til sjøen.

Det er ikkje registrert mange viltområde eller naturtypar innanfor området. Det er registrert ein naturtype ved Søvika som er knytt til eikeskog. Eikeskog er ikkje direkte knytt til strandsonekvalitetar og biologisk mangfald er difor ikkje vekta særleg høgt. Viltområda som er registrert i området ligg lengre inn på land og er ikkje knytt til sjø eller strandsone.

Det er registrert fleire FINK områder innanfor området. Ved Søvik er det en reguléringsplan for friluftsliv. I område med FINK er funksjonell strandsone trekt inn til 100-metersbeltet.

Det er verken regional grønstruktur eller vakre landskap i området. Definerte landskapsrom og topografisk avgrensa landskap er eit mykje nytta kriterium i området. Landskap som i jordbruksområde og som topografiske avgrensingar er nytta.

I hovudsak er funksjonell strandsone vurdert og sett på bakgrunn av kriterium landskap, topografi, landbruk, infrastruktur og plan. I tillegg er delområde sett basert på friluftsliv. Kulturminne er inkludert i vurderinga, men er ikkje avgjerande for fastsetting av funksjonell strandsone.

Tabell 10. Oversikt av kriterium som er nytta i område 5. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfald | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|----------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| | X | X | X | X | X | X |

Vågsbotn - Grindafjord Feriesenter. Temakart nr. 7a

Frå indre del av Grindafjorden går E39/E134 tett på kystlinja og dannar ein klar barriere landskaps- og bruksmessig. Funksjonell strandsone følgjer europavegen fram til den kryssar 100-metersbeltet ved Liarvåg. Vidare sør i Grindevågen er landskapet relativt ope opp mot europavegen og ein stor del av busetnaden i området ligg innanfor funksjonell strandsone. Funksjonell strandsone i området til indre del av vågen er sett basert på landskapsrom som topografi og dyrka mark dannar. Inst i vågen er det reguleringsplanar der det er avsett friområde mot sjø. Funksjonell strandsone inkluderer friområda og er sett i føremålslinja mellom friområde og utbyggingsfremål.

Utover mot Grindaneset er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Neset er avsett som FINK område og er statleg sikra. Området er sårbart og er eit tydeleg landskapselement. Det er ikkje inngrep på vestsida av neset.

På austre del av Grindaneset er Grindafjord Feriesenter lokalisert. Dette er ein større campingplass som er detaljregulert i plan. Det er avsett grøne føremål mot sjø, og funksjonell strandsone er sett slik at desse er inkludert i den funksjonelle strandsona.



Grindafjord Feriesenter - Søvika. Temakart nr. 7a og 7b

Frå feriesenteret er funksjonell strandsone sett langs 100-metersbeltet på bakgrunn av opne landskapsrom som mellom anna dyrka mark dannar. Det er nokre spreidde hytter som ligg tett på kystlinja som er inkludert i den funksjonelle strandsona. Når fylkesvegen går innanfor 100-metersbeltet følgjer funksjonell strandsone fylkesvegen. Fylkesvegen går tett på kystlinja og dannar ein barriere i bruk og landskap. Fylkesvegen er avgjerande kriterium fram til Søvika. I Søvika er det ein reguleringsplan som har avsett føremål til friluftsliv og nokre få hytter. Funksjonell strandsone følgjer 100-metersbeltet i hovudsak. Den eine hytta innanfor 100-metersbeltet er ikkje ein del av strandsona og ligg utanfor funksjonell strandsone.





Søvika - Aukland. Temakart nr. 7b

Frå Søvika er funksjonell strandsone sett langs 100-metersbeltet då det er ingen forhold til gir grunnlag for differensiering. Landskapet er relativt ope. Det er nokre hytter innanfor funksjonell strandsone og desse ligg tett på kystlinja og dannar ingen klar barriere.

Frå Bergvika er det relativt tett med hytter og nokre hus som ligg innanfor 100-metersbeltet. Nokre av hyttene er trekt noko frå sjø og er ikkje ein del av strandsona. I dette delstrekket er funksjonell strandsone sett i fasadeliv på eksisterande bygningar som er trekt frå sjø. I Auklandsvik er det eit FINK område som er kommunalt sikra. I dette området er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.



Aukland - Nesheim. Temakart nr. 7b og 7c

Frå Aukland og til Nesheim er det mykje jordbruksdrift. Store delar av jordbruksområda ligg heilt ned til sjøen. For store delar av dette delstrekket er funksjonell strandsone sett langs 100-metersbeltet på bakgrunn av det opne landskapet den dyrka marka dannar. 100-metersbeltet er differensiert med grunnlag i topografiske bratte område mot sjø, samt bygg som topografisk er trekt frå kystlinja. Det er registrert nokre få kulturminne innanfor delstrekket og dei er inkludert i funksjonell strandsone der dei ligg innanfor 100-metersbeltet.



Nesheim - Valsodden. Temakart nr. 7c

Frå Nesheim er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet fram til Steinbru hyttefelt. Steinsbru hyttefelt er eit regulert hytte felt frå 1969. Funksjonell strandsone er sett i fasadelliv på eksisterande hytter i feltet. Hyttene er trekt noko frå sjø og ligg topografisk avgrensa frå kystlinja. Vidare austover frå hyttefeltet er funksjonell strandsone avgrensa av topografi og landskapsrom som jordbruksområda dannar.

Sør for Taravikneset er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet fram til Hammaren. Området er relativt ope og landskapsromma, som mellom anna jordbruksområde dannar, strekk seg langt innover land. Det er fleire automatisk freda kulturminne ved Taravikneset og Hammaren som er inkludert i funksjonell strandsone.

Frå Hammaren og til Valsodden er topografien relativt bratt mot sjø og topografisk er områda ovanfor dei bratte delstrekka ikkje ein del av strandsona. Funksjonell strandsone er for delstrekke sett nærmare sjøen enn 100-metersbeltet. Valnesodden er eit markant landskapselement og er inkludert i funksjonell strandsone. I dette strekket er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.



6.8 Område 8. Hervikfjorden og Nedstrandsfjorden:

Hervikfjorden aust Stong- Tveitneset

Området varierer frå urørt natur og friluftsområde til tett utbygde område. Det er bustadar, hytte, gardbruk og campingplassar innanfor området. Mange av dei utbygde områda ligg tett på kystlinja og innanfor 100-metersbeltet. Alle kriteria er nytta ved fastsetting av funksjonell strandsone. Generelt er funksjonell strandsone i område med tiltak eller dyrka mark, sett nærmere sjøen enn 100-metersbeltet. I område utan inngrep eller med registrerte frilufts- og naturverdiar er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.

Det er større jordbruksområde i delar av området; Dalsbygda, Espevik, Amdal og ved Langøysundet. Jordbruksområda ved Dalsbygda og Espevik er definert som kjerneområde for landbruk. Jordbruksområda er med på å danne opne landskapsrom der den dyrka marka går frå kystlinja og innover land. I andre område er dei dyrka teigane trekt opp frå sjø og medverkar ikkje til å definere landskapsrom knytt til sjøen.

Det er registrert mange naturtypar i området, t.d. pollar, kystfuruskog, rik eldellauvskog, viktig bekkedrag. Den naturtypen har direkte tilknyting til strandsona inkluderer funksjonell strandsone naturtypen eller vert sett på 100-metersbeltet.

Det er registrert mange viltområde i området.

Mange av desse er knytt til artar som hjort og rådyr som ikkje er spesifikt knytt til standsona. Den viltområdet har tilknyting til strandsona er biologisk mangfold nytta som vurderingsgrunnlag.


Det er registrert fleire FINK område innanfor området som er knytt til strandsona (Tøkje, Espevik, Selvika og Muslandsvåg/Leiranger). Alle FINK områda er av regional betydning, men ingen av dei er sikra. I tillegg er delar kring Muslandsvågen inkludert i FINK partnarskapsområde (Hinderåvåg-Leirong-Nedstrand).

Området frå Lindanger til Sandvik er registrert som meget vakre landskap (kystheilandskapet på Haugalandet) og område frå Øygardsvika - Langøya og Grøtavika-Tveitneset er registrert som vakre landskap (kyst- og øylandskapet i Ryfylke). Landskapsrom danna av dyrka mark eller avgrensa i høve til topografiske forhold er mykje nytta i området, som grunnlag for vurderingane og fastsetting av funksjonell strandsone.

I hovudsak er funksjonell strandsone vurdert og sett på bakgrunn av kriterium landskap, topografi, landbruk, infrastruktur og plan. I tillegg er delområde sett basert på biologisk mangfold, friluftsliv og kulturminne.

Tabell 11. Oversikt av kriterium som er nytta i område 7. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfold | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|-------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| X | X | X | X | X | X | X |



— Strandsonebelte, 100-metersbeltet

— Kartleggingsområde

Sponavik - Skjoldastraumen. Temakart nr. 8a

Frå kommunegrensa til Skjoldastraumen er det spreidd utbygd. Delar av strekket er utan inngrep, men lite tilgjengeleg frå landsida då det er bratt topografi mot kystlinja.

Funksjonell strandsone er sett på 100-metersbeltet i området frå kommunegrensa til busetnaden i Sponavika. I Sponavika er det ein del hytter som ligg tett på kystlinja. Topografisk er nokre av hyttene inkludert i funksjonell strandsone, medan dei som er trekt vekk frå sjø og som topografisk ligg skjerma er utanfor funksjonell strandsone. Vidare sørover mot Kvednahaugen er det bratte parti mot kystlinja og funksjonell strandsone er sett nærmere 100-metersbeltet basert på topografi. Ved Kvednahaugen og Dalselva er det noko busetnad og naturtypen viktige bekkedrag. Funksjonell strandsone er sett på 100-metersbeltet ved Dalselva. Mot Skjoldastraumen er funksjonell strandsone avgrensa av bratt topografi mot sjø og vegetasjon/landskapsrom som busetnad og dyrka mark dannar.



Skjoldastraumen - Lindongvika. Temakart nr. 8a og 8b

Skjoldastraumen er eit tett utbygd område med busetnad nærme kystlinja. Det er fleire reguleringsplanar i området for bustadar og camping, samt at gjeldande kommuneplan 2012-2024 har avsett bustadføremål på fleire område. Planane har utbyggingsføremål heilt til kystlinja. Fylkesvegen går tett på kystlinja og dannar ein barriere. Funksjonell strandsone er sett langs fylkesvegen fram til område med busetnad som er trekt vekk frå sjø like ved Bådsvik camping. Innanfor campingen har ein nytta reguleringsplanen som grunnlag og funksjonell strandsone inkluderer badeområde og park/leikeareal.

Sør for Skjoldastraumen camping (Bådsvik) er det spreidd utbygd med hytter, bustadar og gardsbruk. Funksjonell strandsone er sett i fasadeliv på bygg som er trekt frå sjø og som landskapsmessig ikkje er ein del av strandsona. I områda kring Hesthammer hyttefelt er det bratt topografi mot sjø og funksjonell strandsone er sett basert på topografi. Innanfor reguleringsplan for Hesthammer hyttefelt er funksjonell strandsone sett i fasadeliv på bygg. Vidare sørover til Lindongvika er funksjonell strandsone avgrensa av bratt topografi mot sjø. I hovudsak er eksisterande busetnad trekt frå sjø og såleis utanfor funksjonell strandsone.

I Lindongvika er funksjonell strandsone sett basert på landskapsrom som jordbruksområde og topografi dannar. Det er fleire hytter i området der dei som er trekt frå kystlinja i hovudsak ikkje er ein del av funksjonell strandsone.



Lindongvika - Espevik. Temakart nr. 8b, 8c og 8d

Store delar av strekket er inngrepsfritt, men lite tilgjengeleg då det er bratt topografi mot sjø. Utbygginga som finst i området er i hovudsak trekt frå kystlinja, og består i stor grad av hyttefelt eller spreidde hytter.

Frå Lingongvika til Vikane er det bratt topografi som er avgjerande for fastsetting av funksjonell strandsone. Det er nokre få område med hytter der dei fleste er trekt vekk frå kystlinja og ligg skjerma i terrenget. Nokre spreidde jordbrukssteigar medverkar til avgrensing av funksjonell strandsone.

I Stølsvik/Vikane hyttefelt er hyttene trekt frå sjø og med felles anlegg ved sjøen. Funksjonell strandsone er sett langs føremålslinje for utbygging. Sør for hyttefeltet er topografi og landskapsrom avgjerande for fastsetting av funksjonell strandsone. Funksjonell strandsone inkluderer Tøkje friluftsområde. Innanfor reguleringsplan for Sandvik hyttegrend, der hyttene er trekt aust for fylkesvegen, er leikeareal og småbåtanlegg inkludert i funksjonell strandsone.

Frå Sandvik hyttegrend er det bratt topografi mot sjø og funksjonell strandsone er trekt nærmare kystlinja enn 100-metersbeltet. Innanfor Sandvik campingplass følgjer funksjonell strandsone føremålslinjer og inkluderer friluftsføremål men ikkje campingføremålet. Vidare sørover mot Espevik steinbrot følgjer funksjonell strandsone fylkesveg som ligg omtrent på 100-metersbeltet. Innanfor Espevik steinbrot følgjer funksjonell strandsone kystlinja. Steinbrotet er ikkje ein del av den verdifulle strandsona.





Espevik - Bøvika/Skjøljavika. Temakart nr. 8d og 8e

Innanfor delstrekket er det ein del utbygde bustadområde og hyttefelt. Det er stadvis dyrka mark som dannar store og tydelege landskapsrom. Fylkesvegen går i området og dannar i delstrek ein barriere.

Frå Espevik og inn til Årvågen er det relativt tett utbygd og delar av busetnaden er innanfor 100-metersbeltet. Frå Steinbrotet er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet då det er ingen grunnlag for differensiering av 100-metersbeltet. På Espevik dannar delar av busetnaden eit skilje i bruk og landskap, og funksjonell strandsone er sett i fasadeliv på bygg eller i høve til topografiske avgrensingar. Inne i Årvågen er funksjonell strandsone sett langs 100-metersbeltet basert på elveløp samt få andre grunnar for differensiering av 100-metersbeltet. Innanfor reguleringsplanane for hyttefeltet er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet eller langs føremål for hytteføremål.


Frå dei regulerte hyttefeltet i Årvågen er funksjonell strandsone avgrensa av topografiske bratte parti mot sjø, eksisterande bygg som er trekt vekk frå kystlinja og opne landskapsrom som jordbruksområde dannar. Innanfor funksjonell strandsone er det fleire automatisk freda kulturminne. Innanfor reguleringsplan for hyttefeltet i Skjøljavika er funksjonell strandsone sett langs 100-metersbeltet. Hyttene er lokalisert utanfor 100-metersbeltet.



Bøvika - Svinavika. Temakart nr. 8e og 8f

Frå Bøvikneset og inn til Amdalsvika er funksjonell strandsone i all hovudsak sett på 100-metersbeltet. Det er ingen grunnlag for å differensiere 100-metersbeltet. Innanfor 100-metersbeltet på Bøvikneset inkluderer funksjonell strandsone registrert naturtype kystlynghei. Landskapet er relativt sårbart og ope, og jordbruksområde dannar i delområde større landskapsrom.


Frå Amdalsvika til Øyardsvika dannar jordbrukslandskap landskapsrom og neset ned til Øyardsvika er landskapsmessig sårbart og ope. Funksjonell strandsone er i hovudsak sett på 100-metersbeltet. Det er nokre automatisk freda kulturminne i området som er inkludert i funksjonell strandsone. I Øygardsvika går det ein fylkesveg som dannar eit klart skilje i bruk og landskap. Funksjonell strandsone følgjer fylkesvegen fram til Svinavika. I Svinavika er det ein reguleringsplan for hyttefelt, der arealet mot kystlinja er avsett til friluftsføremål. Funksjonell strandsone inkluderer friluftsføremålet. Vidare sørover i Svinavika er funksjonell strandsone sett basert på eksisterande planstatus og bratt topografi mot sjø.



Svinavika - Liarvåg/ halvøya Stong. Temakart nr. 8f


Frå Svinavika til hytteområdet ved Toftøysundet er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Området er utan inngrep og landskapet er sårbart. Området er tilgjengeleg frå både land og sjøsida i eit friluftsperspektiv. Området er del av vakre landskap. Det er ingen grunnlag for å differensiere 100-metersbeltet.

Ved Toftøysundet/Synningsneset er det fleire hytter og bustadar. Topografisk er områda knytt til strandsona, og funksjonell strandsone har inkludert heile halvøya med hytter på Synningsneset. Funksjonell strandsone føl fylkesvegen som delvis går tett på kystlinja og der fylkesvegen kryssar 100-metersbeltet føl funksjonell strandsone 100-metersbeltet. Frå indre del av Svartevågen til fylkesvegen kjem innanfor 100-metersbeltet igjen, er det ingen grunnlag for differensiering av 100-metersbeltet. Vidare nord i Topnesvågen og Liarvågen følgjer funksjonell strandsone fylkesvegen. Store delar av busetnaden i området ligg ovanfor fylkesvegen og er ikkje ein del av strandsona.



Liarvåg-Langøysundet. Temakart nr. 8f og 8g

Nord for Liarvågen er det to reguleringsplanar med friområde/friluftsområde til kystlinja. Funksjonell strandsone inkluderer dei grøne føremåla. Vidare nordover er det stadvis topografisk bratt mot sjø og funksjonell strandsone føl topografiske variasjonar, jordbruksområde og definerte landskapsrom inn til Vikesanden. I Vikesanden er det dyrka mark ned til sjø som dannar eit større landskapsrom. Funksjonell strandsone er sett på 100-metersbeltet. Frå Vikesanden og nordaust over til Langøya er det topografisk bratt mot sjø og busetnad i området er trekt ovanfor dei bratte partia. Funksjonell strandsone er sett i fasadeliv på bygg og følgjer topografiske avgrensingar. Kring Langøysundet dannar dyrka mark landskapsrom og dei fleste bygg er trekt vekk frå sjø.



Langøysundet - Varhaug. Temakart nr. 8g og 8h

I området er det lite utbyd, og mindre topografiske skilje. Inst i Leirangssøyla er det dyrka mark ned til sjø som dannar store landskapsrom. Fylkesvegen går delvis innanfor 100-metersbeltet og dannar ein barriere. Funksjonell strandsone er for delstrekket i hovudsak sett på 100-metersbeltet, og langs fylkesveg der den går innanfor 100-metersbeltet. Leirangssøyla er registrert som viktig naturtype; poll, og er inkludert i funksjonell strandsone.



Muslandsvågen. Temakart nr. 8h

Frå innløpet til Muslandsvågen er funksjonell strandsone i hovudsak sett på 100-metersbeltet og inkluderer FINK område. Det er elles ingen grunnlag for å differensiere 100-metersbeltet før fylkesvegen kjem innanfor 100-metersbeltet. Inst i vågen er det noko infrastruktur og dyrka mark, samt bratte parti mot

sjø. Funksjonell strandsone er avgrensa av bratt topografi mot sjø, elv/biologisk mangfald og infrastruktur.

Austsida av Muslandsvågen er i hovedsak utan inngrep, men mindre tilgjengeleg i friluftsperspektiv frå land då det er bratte parti mot sjø. Frå indre del av Muslandsavågen til Johanneshaug er funksjonell strandsone sett basert på bratt topografi mot sjø. Ut til Selvikneset er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Dette inkluderer FINK område i Selvik og delvis naturtype rik edellauvskog.



Selvikneset - Tveitneset naturreservat. Temakart nr. 8h

Området er i hovedsak utan inngrep. Av temainformasjon er det registrert FINK, FINK partnarskapsområde, vakre landskap og biologisk mangfald i området. Basert på desse tema og at området er utan inngrep og landskapet er relativt sårbart er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet fram til Tveitneset naturreservat.



6.9 Område 9. Nedstrandsfjorden: Tveitneset - Hinderåvågen - Nedstrand



Funksjonell strandsone er kartlagt inn til sentrum i Nedstrand. Området varierer frå urørt natur og friluftsområde ved områda Tveitaneset og Baustaneset, til tett utbygde område i Hinderåvåg og Nedstrand. Mange av dei utbygde områda ligg tett på kystlinja og innanfor 100-metersbeltet. Generelt er den funksjonell strandsona i område med tiltak eller dyrka mark, sett nærmare sjøen enn 100-metersbeltet. I område utan inngrep eller med registrerte frilufts- og naturverdiar er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.

Det er jordbruksaktivitet i delar av området; Hinderåvåg og i områda ved Nedstrand. Jordbruksområda ved Hinderåvåg og vest for Nedstrand er definert som kjerneområde for landbruk. Jordbruksområda er med på å danne opne landskapsrom der den dyrka marka går frå kystlinja og innover land. I andre område er dei dyrka teigane trekt opp frå sjø og dannar ikkje landskapsrom knytt til sjøen.

Det er registrert ein naturtype i området av type rik eldellauvskog. Naturtypen er ikkje direkte knytt til strandsonekvalitetar. Det er registrert mange viltområde i området. Viltområda er knytt til artane hjort, rådyr, kvitryggspett og bøksanger, artar som ikkje er spesifikt knytt til standsona.

Det er registrert to FINK område. Heile Tveitåsen inkludert strandsona er registrert som FINK område (sikra område). Ved Nedstrand er det eit mindre FINK område knytt til strandsona, Stuvika som ikkje er sikra. I tillegg er heile området inkludert i FINK partnarskapsområde (Hinderåvåg-Leirong-Nedstrand).

Området ved Tveiteneset er registrert som vakre landskap (kyst- og øylandskapet i Ryfylke), og området frå Baustadneset til Nedstrand er registrert som meget vakre landskap (kyst- og øylandskapet i Ryfylke). Landskapsrom danna av dyrka mark eller avgrensa i høve til topografiske forhold er mykje nytta i området, som grunnlag for vurderingane og fastsetjing av funksjonell strandsone.

I hovudsak er funksjonell strandsone vurdert og sett på bakgrunn av kriterium landskap, topografi, landbruk og infrastruktur. I tillegg er delområde sett basert på friluftsliv.

Tabell 12. Oversikt av kriterium som er nytta i område 8. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfald | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|----------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| | X | | X | X | X | X |

Hinderåvågen. Temakart nr. 9

Frå Tveitneset naturreservat til jordbrukslandskapet i Hinderåvågen er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet og langs skogsbilveg som går innanfor 100-metersbeltet. Området er utan større inngrep og med delvis bratt terreng mot sjø. Området er skogkledd.

Frå Skodaberget og innover vågen er det dyrka mark som går til sjø. Den dyrka marka dannar store landskapsrom, og funksjonell strandsone er sett på 100-metersbeltet i desse områda. Inst i vågen er det ein del busetnad som er lokalisert tett på kystlinja. Det er reguleringsplan med friluftsføremål til sjø og gjeldande kommuneplan 2012-2024 har avsett områda nærmast kystlinja til friområde. Fram til Tamberneset føl funksjonell strandsone fasadeliv på eksisterande bygg og inkluderer friområda. På Tamberneset er det nokre bustadhus som ligg innanfor funksjonell strandsone då dei ligg tett på kystlinja og er ein del av landskapsrommet. Ved eleveutløpet frå Lysevatnet/Osmundvika er funksjonell strandsone sett langs fylkesveg som dannar barriere i bruk og landskap, samt reguleringsplan som har friområde mot kystlinja. Nokre hytter og bustadar er inkludert i funksjonell strandsone. I Vika er det tydelege landskapsrom der funksjonell strandsone er sett basert på topografi og landskapsrom.

Frå Vika og sørover til Baustadneset er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Dette er eit delstrek i hovudsak utan inngrep med både natur- og friluftskvalitetar. Sjølve Baustadneset er eit markant landskapselement som er inkludert i funksjonell strandsone



Baustadneset - Nedstrand. Temakart nr. 9

Områda frå Baustadneset til busetnaden i Nedstrand består av urørte område, spreidd hyttebygg og jordbruksområde. I nokre parti er det bratt topografi mot sjø. Funksjonell strandsone er i hovudsak sett basert på landskap, landskapsrom og bratt topografi mot sjø. Landskapsromma er enten definert av utbygging eller jordbruksområde. Funksjonell strandsone varierer mellom 100-metersbeltet og nærmare kystlinja enn 100-metersbeltet.

Ved Stuvikneset er det eit hyttefelt og i Stuvik er det ein campingplass. Områda er tett utbygd og nær kystlinja. Stuvikneset er inkludert i funksjonell strandsone då det er eit markant landskapselement og hyttene på neset er plassert tett på kystlinja og er såleis ein del av strandsona. I Stuvik er det avsett friområde til sjø (badeplass) og funksjonell strandsone følgjer badeplassen si avgrensing. FINK området si avgrensing er større enn badeplassen og ein har valt å halde funksjonell strandsone til område som ikkje omfattar campingplassen.



6.10 Område 10. Nedstrandsfjorden og Vindafjorden: Nedstrand - Amdalsvika

Området varierer frå tett utbygde område ved Nedstrand, til opne jordbrukslandskap utover mot Amdalsvika/Vikaneset. Delar av dei utbygde områda ligg tett på kystlinja og innanfor 100-metersbeltet. Generelt er den funksjonell strandsona i område med tiltak sett nærmare sjøen enn 100-metersbeltet. I område utan inngrep eller med registrerte frilufts- og naturverdiar er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.

Det er mykje jordbruksaktivitet i heile området. Store delar av området er definert som kjerneområde for landbruk (Nedstrand aust). Jordbruksområda dannar opne landskapsrom der den dyrka marka går frå kystlinja og innover land. I andre område er dei dyrka teigane trekt opp frå sjø og medverkar ikkje til å definere landskapsrom knytt til sjøen.

Det er registrert ein naturtype i området, Leirå, som er type strandeng og sumpskog. Naturtypen er direkte knytt til strandsonekvalitetar. Det er registrert viltområde i området ved Nymark og sjøområda innanfor Tunganes (Leirå). Viltområdet på land er knytt til rådyr og sjøområda til ender og vadeartar.

Det er registrert eit FINK område ved Leirå. Området er statleg sikra (DN). I tillegg er området frå Nedstrand til Kuneset inkludert i FINK partnarskapsområde (Hinderåvåg-Leirong-Nedstrand).

Området frå Nedstrand og heile Tunganeset er registrert som meget vakre landskap (kyst- og øylandskapet i Ryfylke). Definerte landskapsrom og topografiske avgrensa landskap er eit mykje nytta kriterium i området. Landskap som i jordbruksområde og som topografiske avgrensingar er nytta.

I hovudsak er funksjonell strandsone vurdert og sett på bakgrunn av kriterium landbruk, landskap, topografi og infrastruktur. I tillegg er delområde sett basert på biologisk mangfold, friluftsliv og kulturminne.

Tabell 13. Oversikt av kriterium som er nytta i område 9. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfold | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|----------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| X | X | X | X | X | X | X |

Nedstrand - Sandvika. Temakart nr. 10

Kartlegginga startar i kant med reguleringsplan for Nedstrand sentrum. I områda tettast på reguleringsplanen er det eit bustadhús som følgjer «byggelinja» som er i byggeområdet i vest. Vidare inn mot Leirå er det jordbrukslandskapet som dominerer. Inst i Leirå er det biologisk mangfold som er knytt til strandsona. Neset Tunganeset er eit ope landskap med fleire automatisk freda kulturminne og eit statleg sikra friluftsområde. Neset er i hovudsak utan inngrep. Funksjonell strandsone er for delstrekket avgrensa av eksisterande infrastruktur, landskapsrom, markante landskapselement, jordbrukslandskap, biologisk mangfold, friluftsområde og kulturminne.





Sandvika- Amdal. Temakart nr. 10


Området er dominert av jordbrukslandskap og opne dyrka teigar. Det er spreidd utbygd i området der delar av busetnaden ligg innanfor 100-metersbeltet, men dei fleste er utanfor 100-metersbeltet. Det er mindre område med bratt topografi mot sjø i sørlege del, medan det vert brattare topografi i nord ved Amdal.

Frå Sandvika til Slåttevika er funksjonell strandsone i hovudsak sett på 100-metersbeltet med bakgrunn i opne jordbruksområde som dannar store landskapsrom. Det er noko spreidd busetnad som ligg innanfor funksjonell strandsone. Busetnaden er vurdert til å vere ein del av landskapsrommet og strandsona.

Frå Slåttevika og nord til Amdal er det topografiske variasjonar i landskapet og funksjonell strandsone varierer mellom 100-metersbeltet og bratt topografi mot sjø. Den dyrka marka er i dei bratte parti trekt vekk frå sjø. Ved Amdal og utløpet til Kvamsvatnet er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.



6.11 Område 11. Yrkesfjorden: Vassendvik




Området er spreidd utbygd med nokre få bustadar, hytter og naust. Topografisk består området av markante landskapsrom og skogkledde fjellsider. Inst i vika er det eit registrert FINK område som er sikra i kommunal eige. FINK området er av regional betydning, og er i hovudsak knytt til båtutfart og tilkomst med båt. Det er noko dyrka mark i området, i hovudsak innmarksbeite. Det er registrert eit stort kulturminneområde som er automatisk freda. Kulturminnet er knytt til busettingsplass frå steinalderen.

Funksjonell strandsone er sett basert på bratt topografi mot sjø i aust og vidare inn i vika basert på eksisterande busetnad som er trekt frå kystlinja. Innanfor FINK området er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet. Vestover til Vikaneset er det automatisk freda kulturminnet inkludert i funksjonell strandsone og vidare følgjer funksjonell strandsone sett basert på bratt topografi til sjø.


Tabell 14. Oversikt av kriterium som er nytta i område 10. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfald | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|-------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| | X | X | X | | X | |





6.12 Område 12. Yrkesfjorden: Stølsvik - Ramsvik - Vågen - Slogvik



Området varierer frå spreidd utbygd område med ein del dyrka mark ved Yrke, til bratte og urørte område ved Ramsvik og områda mot kommunegrensa i nord. Nokre av dei utbygde områda ligg tett på kystlinja og innanfor 100-metersbeltet. Generelt er den funksjonell strandsona i område med tiltak eller bratt topografi mot kystlinja sett nærmare sjøen enn 100-metersbeltet. I område utan inngrep eller med registrerte frilufts- og naturverdiar er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet.

Det er registrert ein naturtype i området, Stølsvik-Breidal, som andre viktige førekomstar (furuskog med innslag av bjørk). Naturtypen er ikkje direkte knytt til strandsonekvalitetar. Det er registrert fleire viltområde i området, der ein går til sjø ved kommunegrensa i nord. Viltområdet er knytt til hjort, som ikkje er direkte knytt til strandsona si kvalitetar.

Det er ikkje registrert FINK-område innanfor det kartlagde området.

Det er ikkje definert vakre landskap i området. Store delar av området har markant bratte parti som strekk seg frå kystlinja opp mot fjellsidene. Landskapsrom danna av dyrka mark eller avgrensa i høve til topografiske forhold er mykje nytta i området, som grunnlag for vurderingane og fastsetting av funksjonell strandsone.

I hovudsak er funksjonell strandzone vurdert og sett på bakgrunn av kriterium landbruk, landskap, topografi og infrastruktur. I tillegg er delområde sett basert på kulturminne og plan.

Tabell 15. Oversikt av kriterium som er nytta i område 9. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

| Biologisk mangfold | Landskap | Kulturminne Kulturmiljø | Friluftsliv | Landbruk | Infrastruktur | Plan |
|--------------------|----------|----------------------------|-------------|----------|---------------|------|
| | X | X | | | X | X |

Stølsvik - indre Yrkevåg. Temakart nr. 12

Området er mindre utbygd og består av skogslier med bratt topografi dominerer. Det er noko spreidd utbygging i Stølsvik der tre område er detaljregulert i plan. Innanfor planane er funksjonell strandsone sett slik at friluftsforemål er inkludert i funksjonell strandsone eller langs fasadeliv på bygg der dei dannar klare barrierar. Det er eit næringsområde ved Ramsvik. I området er det ein del kulturminne som er inkludert i funksjonell strandsone. I område utan inngrep og med bratt topografi til kystlinja er funksjonell strandsone enten sett på 100-metersbeltet eller ovanfor dei brattepartia innanfor 100-metersbeltet.



Indre Yrkevåg - Slogvik (kommunegrensa). Temakart nr. 12

I indre del av Yrkevåg og Yrke er det ein del busetnad, medan ytre del mot kommunegrensa er utan inngrep. I områda mot kommunegrensa er det særleg bratt topografi, som strekk seg frå kystlinja til fjellområda. Det er noko dyrka mark i området som dannar landskapsrom og barrierar. Funksjonell strandsone er sett basert på landskapsrom, langs kjøreveg og i overkant av bratte parti. Ein del busetnad er inkludert i funksjonell strandsone då dei ligg tett på kystlinja og er ein del av landskapsrommet. Frå busetnaden i Yrke og mot kommunegrensa er funksjonell strandsone sett på 100-metersbeltet basert på bratt topografi.





Borggata 8 5404 Stord
Tlf.: +47 53 40 41 80
Faks: +47 53 40 41 85
Epost: post@akvator.no
www.akvator.no